

SKODJE KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Rådmann
Revisor

Medlemmane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SKODJE KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Måndag 10.12.2012 kl. 16.00 på
Skodje Rådhus**

SAKLISTE:

- Sak 15/12 - Godkjenning av møtebok frå møte 29.05.2012
- « 16/12 - Godkjenning av møtebok frå møte 05.06.2012
- « 17/12 - Tilsynsrapport frå Helsetilsynet om sosiale tenester i Skodje kommune
- « 18/12 - Tilsynsrapport frå fylkesmannen om barnehagar i Skodje kommune
- « 19/12 - Budsjett Skodje kontrollutval
- « 20/12 - Finansforvaltning
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Vigdis T. Bye
leiar
(sign.)

KONTROLLUTVALET I SKODJE KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 29. mai 2012, kl. 16.00

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Vigdis T. Bye

Elles til stades: Dag Loe Olsen, Grete Dalhaug Berg, Magnar Flaate og Jon Ola Røstad

= 5 voterande

Frå Skodje kommune møtte ordførar Terje Vadset. Dessutan møtte rådmann Kjell Bjørdal under utspørringa i sak 13/12.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 012/12

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 7. MAI 2012

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 7. mai 2012 blir godkjent.

SAK 13/12

RÅDMANNENS MANGLANDE SAMARBEIDSVILJE MED KONTROLLUTVALET

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 25.05.2012

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

1. Kommunestyret opphevar vedtaket i kommunestyresak 79/11 punkt 5.
2. Ei eventuell framtidig utgreiing av kontroll- og tilsynsordningane i Skodje kommune skal i samsvar med KL § 78 nr. 3 utførast i regi av kommunen sitt kontrollutval.

3. Kommunestyret vil presisere at rådmannen må innrette seg med å gi skriftlege svar og gi innsyn i dei opplysningane som kontrollutvalet krev. Det å ikkje innrette seg slik, er eit brot på arbeidsavtalen som er å likestille med ordrenekt og brot på gjeldande lov og regelverk.

Vigdis T. Bye
Leiar
(sign.)

Dag Loe Olsen
nestleiar
(sign.)

Magnar Flaate
medlem
(sign)

Grete Dalhaug Berg
medlem
(sign.)

Jon Ola Røstad
medlem
(sign.)

KONTROLLUTVALET I SKODJE KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 5. juni 2012, kl. 16.00

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Vigdis T. Bye

Elles til stades: Dag Loe Olsen, Grete Dalhaug Berg, Magnar Flaate og Jon Ola Røstad

= **5 voterande**

Frå Skodje kommune møtte formannskapet og rådmannen. Rådmannen forlet møte etter at opninga av møtet var ferdig

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 14/12

OPPFØLGING AV SAK 13/12 OM RÅDMANNENS MANGLANDE SAMARBEIDSVILJE MED KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet ga ei utførleg orientering til formannskapet om temaet. Det vart gitt høve til synspunkt, spørsmål og svar.

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

Vigdis T. Bye
leiar
(sign.)

Dag Loe Olsen
nestleiar
(sign.)

Grete Dalhaug Berg
medlem
(sign.)

Magnar Flaate
medlem
(sign.)

Jon Ola Røstad
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Dato: 03.12.2012

Kontrollutvalet
I Skodje kommune

SAK 17/12

**TILSYNSRAPPORT FRÅ HELSETILSYNET OM SOSIALE TENESTER I SKODJE
KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Ovannemnte rapport datert 12.07.2011

Temaet for tilsynet var behandling av søknad om økonomisk stønad. Gjennom tilsynet vart det undersøkt om kommunen ved sine styringsaktivitetar – internkontroll sikrar at søkjar sin rett til økonomisk stønad blir ivareteke.

Tilsynet avdekte to avvik:

1. Skodje kommune/Nav Storfjorden har ikkje eit tilstrekkeleg system som sikrar at opplysningar underlagt teieplikt til ei kvar tid blir handtert i høve til lov og forskrift
2. Skodje kommune/Nav Storfjorden har ikkje system som viser at vedtak om økonomisk stønad er gjort ut i frå ei konkret, individuell og skjønnsmessig vurdering

Avvik dreier seg om at krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift ikkje er oppfylte.

På side 6 i rapporten er det lista opp ein nærare spesifikasjon av manglar ved bruk av lov og forskrift. Det blir vist til desse. Vidare kjem det fram på side 7 og 8 tilsaman 19 kulepunkt som spesifiserer på ein tydeleg måte kva avviket går ut på.

Konklusjonane i rapporten må reknast som negative.

Det ligg føre ein lovfesta plikt til å etablere eit styringssystem også på området økonomisk sosialhjelp og det er eit leiaransvar å etablere dette, følgje med på den daglege drifta og sjå til at tiltak og tenester fungerer som føreset.

På bakgrunn av forholda nemnt ovanfor, legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak :

1. Kontrollutvalet viser til tilsynsrapporten frå helsetilsynet og stiller seg kritisk til det som kjem fram der om kommunen si handtering og behandling av søknad om økonomisk sosialstønad.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen opplyse om og eventuelt på kva måte Skodje kommunestyre har blitt gjort kjent med innhaldet i rapporten og kva tiltak som er sett i verk for å betre kvaliteten på desse tenestene og lukke avvika.

Harald Rogne
dagleg leiar



Rapport frå tilsyn med sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga i Skodje kommune 2011

Adressa til verksemda: 6260 Skodje

Tidsrom for tilsynet: 22.3.2011 - 12.7.2011

14.07.2011

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Samandrag

1. Innleiing

2. Omtale av verksemda - spesielle forhold

3. Gjennomføring

4. Kva tilsynet omfatta

5. Funn

6. Vurdering av styringssystemet i verksemda

7. Regelverk

8. Dokumentunderlag

9. Deltakarar ved tilsynet

Samandrag

Denne rapporten gjer greie for dei avvik og merknader som blei påpeikte innanfor dei områda som blei reviderte.

Temaet for tilsynet var behandling av søknad om økonomisk stønad. Gjennom tilsynet blei det undersøkt om kommunen ved sine styringsaktivitetar (internkontroll) sikrar at søkjar sin rett til økonomisk stønad vert ivareteke. For å undersøke dette blei det teke utgangspunkt i bestemmingane om økonomisk stønad i lov om sosiale tjenester i Nav §§ 18 og 19, i sakshandsamingskrav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift og i krav til internkontroll. Tilsynet skulle avklare om kommunen sikrar at søknadar om økonomisk stønad vert behandla etter lov og forskriftskrav. Det skulle særleg leggjast vekt på å undersøkje om kommunen sikrar at det vert gjort individuelle vurderingar.

Det var tre hovudområde som skulle undersøkjast i tilsynet. Områda kan og bli sett på som fasar i søknadsprosessen frå søknad om økonomisk stønad ligg føre til vedtak er fatta. Dei tre områda eller fasane er:

- handtering av henvendinger
- kartleggje og innhente relevante opplysningar
- foreta individuelle vurderingar og avgjerdsler

Under tilsynet blei det avdekka to (2) avvik:

Avvik 1:

Skodje kommune/Nav Storfjorden har ikkje eit tilstrekkeleg system som sikrar at opplysningar underlagt teieplikt til ei kvar tid blir handtert i høve til lov og forskrift

Avvik 2:

Skodje kommune/Nav Storfjorden har ikkje system som viser at vedtak om økonomisk stønad er gjort ut frå ei konkret, individuell og skjønnsmessig vurdering

Dato: 12.7.2011

Aase Årsbog Dyrset
revisjonsleiar

Gro-Malén Brønnestad
revisor

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon ved Skodje kommune i perioden 22.3.2011 – 12.7.2011. Revisjonen går inn som ein del av den planlagde tilsynsverksemda hos Fylkesmannen i dette året.

Fylkesmannen har fullmakt til å føre tilsyn med sosialtenesta i arbeids- og velferdsforvaltninga etter lov om sosiale tenester i Nav § 9.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om verksemda tek hand om ulike krav i lovgivinga gjennom internkontrollen sin. Revisjonen omfatta å undersøkje om:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innanfor de tema tilsynet omfatta
- tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigererte
- tiltaka er gode nok for å sikre at lovgivinga blir følgd

Ein systemrevisjon blir gjennomført ved å granske dokument, ved intervju og andre undersøkingar.

Rapporten handlar om avvik og merknader som er avdekte under revisjonen og gir derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** dreier seg om at krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift, ikkje er oppfylte
- **Merknad** er forhold som ikkje er i strid med krav som er fastsette i eller i tråd med lov eller forskrift, men der tilsynsorganet finner grunn til å påpeke betringspotensial

2. Omtale av verksemda - spesielle forhold

Skodje kommune har om lag 3.900 innbyggjarar, og har hatt ein sterk vekst siste åra. Skodje har ei ung befolkning, der om lag 60% av innbyggjarane er under 40 år. Skodje er mellom anna staden med kortast veg til flest andre kommunesentra i fylket, ligg kort veg frå Ålesund og Ålesund Lufthavn Vigra, og tillegg går E39 tversgjennom kommunen. Den sentrale plasseringa, gjer at Skodje er ein attraktiv bu-kommune.

Skodje kommune har eit interkommunalt samarbeid med nabokommunane Ørskog, Stordal og Norddal kommune som utgjer Nav Storfjorden. Totalt er det om lag 9.000 innbyggjarar i desse kommunane. Nav Storfjorden hadde offisiell opning 23.10.2009. Nav Storfjorden sitt hovudkontor ligg i Skodje kommune, og det er bemanna lokalkontor i dei andre kommunane. Kvar tysdag er kontora stengt for publikum, og dei fleste tilsette møtes då ved kontoret i Skodje kommune for felles internopplæring og liknande.

3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

Revisjonsvarsel blei sendt ut 22.3.2011. Oversikt over dokument som verksemda har sendt over i samband med tilsynet, er gitt i kapitlet Dokumentunderlag.

Opningsmøte blei halde 30.5.2011.

Intervjuer

7 personar blei intervjuet.

Oversikt over dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket, er gitt i kapitlet Dokumentunderlag.

Sluttmøte blei halde 31.5.2011.

4. Kva tilsynet omfatta

Temaet for tilsynet var handsaming av søknad om økonomisk stønad. Gjennom tilsynet vart det undersøkt om kommunen ved sine styringsaktivitetar (internkontroll) sikrar at søkjar sin rett til økonomisk stønad vert ivareteke. For å undersøkje dette vart det teke utgangspunkt i bestemmingane om økonomisk stønad i Lov om sosiale tenester i Nav §§ 18 og 19, i sakshandsamingskrav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift og i krav til internkontroll. Tilsynet skulle avklare om kommunen sikrar at søknadar om økonomisk stønad vert handsama etter lov og forskrift.

Det var tre hovudområde som skulle undersøkjast i tilsynet. Områda kan og bli sett på som fasar i søknadsprosessen frå søknad om økonomisk stønad ligg føre til vedtak er fatta. Dei tre områda eller fasane er:

- handtering av henvendelser
- kartleggje og innhente relevante opplysningar
- foreta individuelle vurderingar og avgjerdslar

5. Funn

Avvik 1:

Skodje kommune/Nav Storfjorden har ikkje eit tilstrekkeleg system som sikrar at opplysningar underlagt teieplikt til ei kvar tid blir handtert i høve til lov og forskrift

Avvik frå følgjande krav frå styresmaktene:

- Lov om sosiale tenester i Nav §§ 44 jfr. Forvaltningsloven § 13
- Lov om sosiale tenester i Nav § 5

Avviket byggjer på følgjande:

- Under intervju ga tilsette uttrykk for at utforminga av Nav-lokala kan by på utfordringar knytt til ivaretaking av teieplikta
- Under intervju kom det fram at det har skjedd at opplysningar som er underlagt teieplikt har blitt sagt i lokala i påhøyr av andre
- Under tilsynet overhørte tilsynet personsensitive opplysningar i mottaket. Det vart og observert at ein person la fram saka si ved vertsbordet medan ein anna person satt i lokalet
- Under intervju kom det fram at det er uklart kva som er å rekne for offentleg styresmakter, jfr. Søknadskjema. Til dømes vert bank og kraftselskap vurdert å vere offentleg
- Under intervju og gjennomgang av saksmapper kom det fram at stønad vert utbetalt direkte til kreditor utan at det i alle saker går fram at det er etter avtale med sækjar eller etter ei konkret individuell vurdering
- Under gjennomgang av dokumentasjon og intervju kom det fram at Skodje kommune/Nav Storfjorden nyttar samtykkeskjema som etter sin ordlyd ikkje omfattar området økonomisk stønad

Kommentar:

Teieplikt er plikt til å tie om personlege forhold og plikt til å hindre at uvedkommande får innsyn i slike forhold. Teieplikt inneber også ei plikt til å leggje til rette for at opplysningar som er underlagt teieplikt kan utvekslast på skjerma sted. Sækjar skal

ikkje settast i ein situasjon som gjer at vedkommande føler at opplysningar som er underlagt teieplikt må opplysast når uvedkommande kan høyre. Teieplikt om personlege forhold er i hovudsak grunngjeve i to omsyn – omsynet til personleg integritet og omsynet til tillitsforholdet mellom brukaren og forvaltninga. Ei rekkje opplysningar som Nav-kontoret mottok er av ein slik art at brukaren ikkje ønskjer at dei skal bli kjent. For at forvaltninga av tenesta økonomisk stønad skal utførast forsvarleg, skal det innhentast tilstrekkeleg opplysningar til å kunne avgjere ein søknad. Ofte er det nødvendig med opplysningar av personleg karakter, og det er difor viktig at forholda er lagt til rette for at brukaren kan sikre at teieplikta vert overhalde. Dersom teieplikta ikkje vert overhalde kan tilliten svekkast, og resultatet kan bli at viktige opplysningar blir halde tilbake. I verste fall kan det føre til at brukaren ikkje oppsøker tenesta.

Avvik 2:

Skodje kommune/Nav Storfjorden har ikkje system som viser at vedtak om økonomisk stønad er gjort ut frå ei konkret, individuell og skjønsmessig vurdering

Avvik frå følgjande krav frå styresmaktene:

- Forvaltningsloven § 25 (grunngjevinga sitt innhald)
- Forvaltningsloven §17 (forvaltningsorganet si utgreiing- og informasjonssplikt)
- Lov om sosial tenester i Nav § 22, jf § 21 om utbetaling av stønad
- Lov om sosial tenester i Nav § 42 (plikt til å rådføre seg med tenestemottakar)
- Lov om sosial tenester i Nav § 43 (innhenting av opplysningar)
- Lov om sosial tenester i Nav § 4 (krav til forsvarlegheit)
- Lov om sosial tenester i Nav § 17 (opplysning, råd og rettleiing)
- Lov om sosial tenester i Nav §§ 18 og 19
- Lov om sosial tenester i Nav § 20 (om bruk av vilkår)
- Lov om sosial tenester i Nav § 5 (om internkontroll)
- Forskrift om internkontroll for kommunen i arbeids- og velferdsforvaltninga § 4
- Forvaltningsloven § 17, jf 41 (opplysning, råd og rettleiing)
- Forvaltningsloven § 11, jf forvaltningsloven §§ 2, 3 og 5 (rettleiingsplikt)
- Forvaltningslovforskrifta

Avviket byggjer på følgjande:

- Under intervju og ved gjennomgang av dokumentasjon kom det fram at dei individuelle vurderingar som ligg til grunn for avgjerdsla ikkje til ei kvar tid kjem fram av vedtak
- Under intervju og gjennomgang av dokumentasjon kom det fram at det vert nytta ein standard sats, kr. 80, for naudhjelp utan at det vert gjort ei konkret individuell vurdering av om det er rett nivå på stønaden
- Under intervju og ved gjennomgang av journal kom det fram at kommunen nyttar ein eigen (lokal) sats for heimebuande vaksne barn. Det kjem ikkje fram at det er gjort ei konkret individuell vurdering av om dette er rett nivå på stønaden
- Ved gjennomgang av vedtak går det fram at barn sin situasjon i familiar med marginal inntekt ikkje blir synleggjort i samband med kartlegging og utgreiing som er gjort
- Under intervju kom det fram at det er ei usikkerheit om korleis sambuarar skal vurderast ved søknad om økonomisk stønad
- Under intervju kom det fram at sambuarar må leggje fram opplysningar om begge si inntekt sjølv om berre den eine søker
- Ved gjennomgang av dokumentasjon kom det fram at sambuarar på linje med ektefelle må skrive under på søknad om økonomisk stønad for at den skal bli handsama
- Ved gjennomgang av dokumentasjon kom det fram at vedtak inneheld til dels mykje standardtekst som ikkje er relevant i den einskilde sak, til dømes krav om refusjon utan at det er aktuelt
- Ved gjennomgang av dokumentasjon kom det fram at sosiallån vert nytta utan at søker sin tilbakebetalingsevne er vurdert
- Ved gjennomgang av vedtak kom det ikkje fram om det er gjort ei konkret individuell vurdering av om statlege rettleiande satsar er rett nivå i den enkelte sak
- Ved gjennomgang av vedtak kom det fram at det i enkelte høve vert stilt vilkår for innvilgelse av stønad. Det kom ikkje fram av vedtaket kvifor vilkår vert sett og kva konsekvensen av å bryte vilkår er
- Under intervju kom det fram at det innafor området økonomisk sosialhjelp er lite skriftlege rutinar. Tilsette etterlyser fleire skriftlege rutinar for å sikre lik behandling av saker om økonomisk stønad
- Under intervju kom det fram at Skodje kommune/Nav Storfjorden ikkje har system for avvikshandtering-/registrering knytt til økonomisk stønad

- Under intervju kom det fram at tilsette ser behov for opplæring innafor området økonomisk stønad
- Ved gjennomgang av vedtak kommer det fram at søkjar får avslag på omsøkt ytelse. Det er til dels mangelfull vurdering etter § 18 og det framgår ingen vurdering etter § 19. Berre lovheimel er sitert som grunngeving
- Ved gjennomgang av vedtak går det fram at søkjar har fått avslag etter § 18. Søknaden er heller ikkje vurdert etter § 19. Til dømes er det opplyst at gjeld som knyt seg til avdrag på bustadlån ikkje kan bli dekt. Avslag er gjeve utan at det er vurdert om det kan vere aktuelt i denne konkrete saka
- Ved gjennomgang av dokumentasjon kom det fram at alle deler av søknaden ikkje er handsama, det går heller ikkje fram at delar av søknaden er trekt tilbake. Til dømes er det søkt om livsopphald og husleige. I den eine saka er det berre teke stilling til søknad om livsopphald, i den andre saka er det berre teke stilling til søknad om husleige
- Under intervju kom det fram at det er uklart kven som har kompetanse til å fatte vedtak om økonomisk stønad når Navleiar ikkje er tilstades
- Under intervju kom det fram at det er uklart kven som har ”spesialfunksjon sosialtenester” i høve til rutine

Kommentar:

Det er eit sentralt prinsipp ved behandling av søknadar om økonomisk sosialhjelp, at det skal gjerast konkrete, individuelle vurderingar. Slike vurderingar skal gjerast i høve til om det skal ytast stønad, ved eventuell utmåling av stønaden, ved avgjerd om stønadsform og ved stønadsutbetaling. Kommunen har både rett og plikt til å foreta ei individuell vurdering i kvar sak. Dei individuelle vurderingane skal gjerast innafor ramma av gjeldande lov- og forskriftsbestemmelsar.

Kravet om individuell vurdering får innverknad på søknadsbehandlinga før vurderingar og beslutningar blir teke. Kravet om individuell vurdering er mellom anna styrande for kva slags opplysningar som må ligge føre for at saka skal vere tilstrekkeleg opplyst.

Ved utmåling av stønadsbehovet er lova sin føresetnad om individuell behovsprøving, overordna både dei statlege rettleiande satsane som er gjeve, og eventuelle lokalt fastsette normer for utmåling av stønad. Kommunale normer og statlege rettleiande retningslinjer er berre rettleiande for utmåling av stønad.

I utgangspunktet skal økonomisk stønad utbetalt direkte til den som har søkt om hjelp. Utbetaling til kreditor kan i særlege tilfeller gjerast mot søkjar sitt ønske, dersom ein av særlege grunnar kan tru at søkjaren vil bruke hjelpa til andre føremål enn det den er innvilga til. Utbetaling til kreditor kan og gjerast dersom søkjaren sjølv ønskjer det. I begge tilfeller må det tydeleg og konkret gå fram av vedtaket kvifor utbetaling vert gjort til andre enn søkjaren.

Etter forvaltningsloven § 25 skal det komme fram av vedtaket kva faktiske forhold vedtaket bygger på. I saker som gjeld økonomisk sosialhjelp er søkjaren sin økonomiske situasjon vesentleg og som regel ein avgjerande faktaopplysning. Søkjaren må difor få bli kjent med kva faktiske forhold Nav har bygd sitt vedtak på.

Nav plikter å realitetshandsame alle sider ved ein søknad om økonomisk stønad etter lov om sosiale tenester i nav. Det inneber at Skodje kommune/Nav Storfjorden må gjennomføre ei grunngjeve vurdering av alle omsøkte forhold og opplysningar som er gjeve i ein søknad.

6. Vurdering av styringssystemet i verksemda

Lovfesta plikt til å etablere eit styringssystem på området økonomisk sosialhjelp blei innført 1. januar 2010, jf. § 5 i lov om sosiale tjenester i Nav. Kommunen skal sjå til at verksemda er innretta slik at søknader om økonomisk stønad vert handsama i tråd med gjeldande lov og regelverk. Gjennom styringssystemet skal verksemda sikre at oppgåver og tenester vert utført i samsvar med lovkrava slik at det ikkje blir tilfeldig om regelverket blir etterlevd. Kva funksjonar styringssystemet i form av internkontroll skal ivareta, er nærare beskrive i forskrift om internkontroll for kommunen i Nav. Det er eit leiaransvar å etablere eit styringssystem, følgje med på den daglege drifta og sjå til at tiltak og tenester fungerer som føresett.

Under tilsynet kom det fram at Skodje kommune ikkje har sikra seg godt nok til at dei kommunale tenestene ved Nav Storfjorden er i samsvar med lov og forskrift. Dei observasjonar som ligg til grunn for dei avvik som er avdekt, viser at det ikkje er tilstrekkeleg fokus på internkontrollen for å sikre dei sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga i Skodje kommune.

7. Regelverk

Følgjande regelverk regulerte områda for tilsynet:

- Lov om sosiale tjenester i Nav

- Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker

8. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som blei send over da revisjonen blei førebudd:

- Oversikt over tilsette
- Lokal samarbeidsavtale Nav Møre og Romsdal og kommunane Norddal, Skodje, Stordal og Ørskog
- Prosedyre for økonomisk stønad, Nav Storfjorden
- Rutine: Søknad om økonomisk stønad
- Delegeringsreglement for leiar av Nav Storfjorden
- Tiltaksplan for Nav Storfjorden
- Spesialfunksjonar i Nav Storfjorden

Dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket:

- Brosjyre Nav Storfjorden
- Samtykkeerklæring
- Søknadsskjema: Søknad om økonomisk stønad

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen:

- Brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal der tilsynet blei varsla, 22.3.2010
- E-post frå leiar Nav Storfjorden med informasjon om kontaktperson for tilsynet, 15.4.2011
- E-postar frå leiar Nav Storfjorden med etterspurd dokumentasjon, 26.4.2011
- Brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal med program for tilsynet, 16.5.2011

9. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir ei oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som blei intervjuet.

Navn	Funksjon / stilling	Åpningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Kjell Bjørdal	Rådmann	X	X	X
Anne Marie Engeset	Rettleiar mottak	X	X	X
Per Ove Tennfjord	Rettleiar oppfølging	X	X	X
Heidi Vegsundvåg	Rettleiar oppfølging	X	X	X
Ørjan Haram	Leiar Nav Storfjorden	X	X	X
Birgith Persson	Rettleiar mottak			X
Vibeke Vatne	Rettleiar mottak			X
Unni Dale Bjørlykhaug	Rettleiar mottak		X	X
Kjell Haddal	Rådgjevar Nav			X
Oddvar Aursnes	Rettleiar oppfølging			X
Anne Jorun Søholt	Rettleiar oppfølging			X

Frå tilsynsorganet deltok:

Sissel Tho, seniorrådgjevar/sosionom

Gro-Malén Brønnestad, rådgjevar/jurist

Aase Årsbog Dyrset, revisjonsleiar/sosionom

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Dato: 03.12.2012

Kontrollutvalet
i Skodje kommune

SAK 18/12

**TILSYNSRAPPORT FRÅ FYLKESMANNEN OM BARNEHAGAR I SKODJE
KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Ovannemnte rapport om tilsyn 15.11.2011

Temaet for tilsynet var kommunen si drift av barnehagar sett opp i mot Lov om barnehagar. Tilsynet retta seg mot §§ 10, 12a, 16 (8), 17, 18, 19, 22 og Forskrift om pedagogisk bemanning § 1.

Fylkesmannen avdekte tre avvik under tilsynet og gjorde to merknader under tilsynet.

Avvik dreier seg om at krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift ikkje er oppfylte medan merknader er forhold som ikkje er i strid med krav som er fastsette i eller i tråd med lov eller forskrift, men der tilsynsorganet finn grunn til å påpeike betringspotensial.

Avvik 1.

Skodje kommune har ikkje rutinar og praksis som sikrar formelle prosedyrar for godkjenning av barnehagar etter barnehagelova §§ 1 og 2, samt ny godkjenning ved endring av eksisterande verksemd slik som barnehagelova § 10 føreset.

Under tilsynet kom det fram at kommunen har ein barnehage som ikkje er godkjent for det eksisterande barnetalet.

Avvik 2.

Skodje kommune har som barnehagemyndigheit på tilsynstidspunktet ikkje ei korrekt forståing av pedagognorma i forskrift om pedagogisk bemanning § 1.

Avvik 3.

Skodje kommune som barnehagemyndigheit fyller ikkje plikta til å påsjå at dei tilsette i barnehagane oppfyller rapporteringsplikta til barnevernet etter § 22.

Merknad 1.

Skodje kommune fører tilsyn med barnehagane i kommunen, men bør vurdere om tilsynet skal organiserast på ein måte som hindrar at einskilde barnehagar blir tillagt tilsynsrolle under tilsynet.

Merknad 2.

For dei kommunale barnehagane vert det registrert om det er framlagt politiattest ved tilsetjing. Dette vert teke hand om av kommunen sitt arkiv. Fylkesmannen kunne under tilsynet ikkje sjå at kommunen «påser» at dei tilsette i den private barnehagen legg fram politiattest, anna enn at dette er eit tema på styremøta.

På bakgrunn av forholda nemnt ovanfor legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak :

Kontrollutvalet viser til tilsynsrapporten frå fylkesmannen om barnehagane i kommunen og ber rådmannen opplyse om og eventuelt på kva måte Skodje kommunestyre har blitt gjort kjent med innhaldet i rapporten og kva tiltak som er sett i verk for å lukke avvika og handtere merknadane.

Harald Rogne
dagleg leiar

**TILSYN
MED**

Skodje kommune

TIDSRUM: 15.11.2011

ARKIVKODE: 2011/5079

KOMMUNENS ADRESSE: Rådhuset, 6260 Skodje

FYLKESMANNENS TILSYNSGRUPPE:

Revisjonsleiar: Rådgjevar Knut Meek Corneliussen
Revisor: Seniorrådgjevar Maren Ørjasæter Aaland

KONTAKTPERSON I KOMMUNEN: Kommunalsjef Bente Glomset Vikhagen

FRIST FOR RETTING AV AVVIK OG RAPPORTERING TIL FYLKESMANNEN:

02. april 2012

Regelverk: Lov om barnehagar

Tilsynet omhandla følgjande emne:

- § 10 – godkjenning av barnehagar
- § 12a - rett til plass i barnehage
- § 16, jf. § 8, 1. ledd – kommunen sitt tilsyn eksemplifisert ved
 - § 17 – styrar
 - § 18 – barnehagen sitt øvrige personale
 - Forskrift om pedagogisk bemanning. § 1. Norm for pedagogisk bemanning
 - § 19 – politiattest
 - § 22 – opplysningsplikt til barneverntenesta

Avvik:

Fylkesmannen avdekket tre avvik under tilsynet

Avvik 1: Barnehagelova § 10

Skodje kommune har ikkje rutinar og praksis som sikrar formelle prosedyrar for godkjenning av barnehagar etter barnehagelova §§ 1 og 2, samt ny godkjenning ved endring av eksisterande verksemd, slik som barnehagelova § 10 føreset.

Avvik 2: Barnehagelova §§ 16 og 8, eksemplifisert med forskrift om pedagogisk bemanning § 1.

Skodje kommune har som barnehagemyndigheit på tilsynstidspunktet ikkje ei korrekt forståing av pedagognorma i forskrift om pedagogisk bemanning § 1.

Avvik 3: Barnehagelova §§ 16 og 8, eksemplifisert med § 22.

Skodje kommune som barnehagemyndigheit fyller ikkje plikta til å «påse» at dei tilsette i barnehagane oppfyller rapporteringsplikta til barnevernet etter § 22.

Merknader:

Etter tilsynet med Skodje kommune har Fylkesmannen følgjande merknader til Skodje kommune si utøving av barnehagemyndigheit.

Merknad 1: Barnehagelova §§ 16 og 8

Skodje kommune fører tilsyn med barnehagane i kommunen, men bør vurdere om tilsynet skal organiserast på ein måte som hindrar at ein skilde barnehagar blir tillagt tilsynsrolle under tilsynet.

Merknad 2: Barnehagelova §§ 16 og 8, eksemplifisert med § 19

For dei kommunale barnehagane vert det registrert om det er framlagt politiattest ved tilsetjing. Dette vert teke hand om av kommunen sitt arkiv. Fylkesmannen kunne under tilsynet ikkje sjå at kommunen «påser» at dei tilsette i den private barnehagen legg fram politiattest, anna enn at dette er eit tema på styrarmøta.

Dato:

Knut Meek Corneliussen
revisjonsleiar

Maren Ørjasæter Aaland
revisor

Innhald:

1. Innleiing
2. Dokumentunderlag
3. Avvik
4. Merknader
5. Andre tilhøve
6. Gjennomføring

Vedlegg:

Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn

Vedlegg 2: Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Skodje kommune den 15.11.2011. Tilsynet er ein del av eit felles tilsyn der Fylkesmannen i Møre og Romsdal fører tilsyn med eit utval kommunar i fylket i 2011.

Tilsynet er retta inn mot i kva grad kommunen oppfyller krav innanfor oppgitte emne, og rapporten viser avvik og merknader som vart avdekte under tilsynet. Rapporten gir såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som barnehagemyndigheit.

Føremålet med tilsynet var å vurdere om Skodje kommune har tilfredsstillande styring i høve til regelverket. Tilsynet gjekk m.a. ut på å undersøkje om:

- aktivitetar vart utførte slik som det går fram av skriftleg dokumentasjon og gjennom samtale
- kommunen driv verksemda si innanfor eigne rammer og dei rammene som styresmaktene har sett.

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde opp i praksis. Rapporten omhandlar avvik og merknader som vart avdekte under tilsynet.

- **AVVIK** førekjem når krav som er fastsette i eller i medhald av lov eller forskrift ikkje er oppfylte.
- **MERKNAD** er eit tilhøve som ikkje kjem inn under definisjonen for avvik, men der tilsynet med utgangspunkt i krav frå styresmaktene avdekkjer eit forbettringspotensiale.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for tilsynet var skriftleg materiale frå kommunen og dokument frå sentrale styresmakter, jf. vedlegg 1.

3. Avvik

Fylkesmannen avdekka tre avvik under tilsynet.

Avvik 1: Barnehagelova § 10

Skodje kommune har ikkje rutinar og praksis som sikrar formelle prosedyrar for godkjenning av barnehagar etter barnehagelova §§ 1 og 2, samt ny godkjenning ved endring av eksisterande verksemd, slik som barnehagelova § 10 føreset.

Avvik frå følgjande lovkrav:

Barnehagelova § 10 første ledd.

Kommunen avgjør søknad om godkjenning etter en vurdering av barnehagens egnethet i forhold til formål og innhold, jf. §§ 1, 1a og 2.

Lovkommentar:

Barnehagelova fastslår i § 10 at kommunen skal fatte vedtak om godkjenning av barnehagar. Kommunen skal ved godkjenninga konkret vurdere om barnehagen tilfredsstillar dei krava som kan utleiast av §§ 1 og 2 om barnehagen sitt formål og innhald.

Det følgjer av merknadane til § 10 i Ot.prp. nr.72 (2004-05) at godkjenningsplikta omfattar at kommunen må vurdere om dei fysiske rammene i barnehagen er eigna til barnehagedrift, der barna skal ha moglegheit til leik, livsutfalding og meningsfylte opplevingar og aktivitetar i trygge og samtidig utfordrande omgjevnader. Som det også går fram av merknadane til § 2 tredje ledd, må lokale, inventar og uteområde utformast på ein måte som tek omsyn til små barn sine behov for kroppslege utfordringar, og som fremjar leik, læring og omsorg. Barnehagen må vidare ta omsyn til barn sine ulike funksjonsnivå, og tilgjenge for alle må vere eit viktig omsyn ved utforminga av barnehagen. Vidare må bemanningsplana vise at drifta vil bli forsvarleg, og at barnehagetilbodet kan oppfylle loven og rammeplana sine krav til innhaldet i barnehagen.

Desse vurderingane kjem i tillegg til vurderinga som godkjenningsmyndigheita må gjere også etter anna regelverk, sjå nærmare om dette i merknadane i proposisjonen.

Det er vidare eit krav etter § 10 at barnehagen må vere godkjend for barnehageverksemd før oppstart. Dette inneber også at det vert kravd ny godkjenning av barnehagar etter større utbyggingar eller liknande som gjer at barnehagen endrar form i forhold til det som var grunnlaget for den førre godkjenninga. Det mest praktiske er i dei tilfella der barnehagen vert utvida til å romme eit høgare barnetal enn den først var tiltenkt. Barnehagen må då vere godkjend før ein kan ta inn fleire barn enn den eksisterande godkjenninga tillater.

Avviket er tufta på følgjande observasjonar:

Det kom fram under tilsynet at det er kommunelegen i Skodje som har ansvaret for godkjenning av barnehagane (både ved godkjenning av nye barnehagar og ved ny godkjenning av eksisterande barnehagar). Fylkesmannen kunne korkje gjennom gransking av dokument eller gjennom intervju sjå at kommunen gjer ei sjølvstendig godkjenning av barnehagen etter innhald og formål, slik som § 10 føreset.

Det kom vidare fram under tilsynet at kommunen har ein barnehage som ikkje er godkjend for det eksisterande barnetalet. Det vart opplyst om at godkjenningsprosessen er i gang, men det er ikkje tilstrekkeleg; barnehagen skal vere godkjend før ein kan ta inn fleire barn eller ta i bruk lokale som ikkje har vore ein del av den eksisterande godkjenninga.

Avvik 2: Barnehagelova §§ 16 og 8, eksemplifisert med forskrift om pedagogisk bemanning § 1.

Skodje kommune har som barnehagemyndigheit på tilsynstidspunktet ikkje ei korrekt forståing av pedagognorma i forskrift om pedagogisk bemanning § 1.

Lovkrav:

Det følgjer av barnehagelova § 16 første setning at:

"Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov"

Denne plikta vert utfylt av § 8 første ledd der det mellom anna står at:

"Kommunen skal (...) påse at barnehagen drives i samsvar med gjeldende regelverk"

Ein del av dette regelverket er forskrift om pedagogisk bemanning i barnehagen, der det går fram av § 1 at:

"Det skal være én pedagogisk leder pr. 14 - 18 barn når barna er over tre år og én pedagogisk leder pr. 7 - 9 barn når barna er under tre år og barnas daglige oppholdstid er over seks timer. I barnehager der barna har kortere oppholdstid pr. dag, kan barnetallet økes noe pr. pedagogisk leder"

Lovkommentar:

Det følgjer av denne føresegna at det skal vere ein pedagogisk leiar per 14-18 barn over tre år, og ein pedagogisk leiar per 7-9 barn under tre år. Dette inneber at dersom barnetalet overstig 9/18 barn, må det tilsetjast pedagogisk leiar i til saman 100% stilling. På same vis slår føresegna fast at det er talet på barn som er avgjerande for pedagogkravet, uavhengig av storleiken på plassane som barna har. Kravet til at det skal vere ei heil pedagogstilling når barnetalet overstig 9/18 barn vert grunngjeve med at pedagogane i barnehagen har samansette oppgåver, som mellom anna skal gå ut på rettleiing av anna personale i barnehagen, eit medansvar for utvikling av barnehagen som pedagogisk verksemd og barnehagen sitt samarbeid med andre tenester. Oppgåvene til pedagogen er såleis ikkje kun knytt til å ivareta ansvaret for dei barna som faktisk oppheld seg i barnehagen samtidig.

Sjå nærmare om kravet til pedagogisk bemanning i Kunnskapsdepartementet sitt rundskriv nr. F-4266/2011: *Veileder om kravene til pedagogisk bemanning i barnehageloven med forskrifter.*

Avviket er tufta på følgjande observasjonar:

Kommunen har på tilsynstidspunktet ikkje ei korrekt forståing av innhaldet i forskrift om pedagogisk bemanning § 1. Tilsynet viste at kommunen på tilsynstidspunktet oppfatta føresegna slik at det ikkje skal tilsetjast ein pedagog i full stilling når barnegruppa overstig 9 eller 18 barn. På grunn av at kommunen ikkje har ei rett forståing av føresegna, fyller dei ikkje plikta til å "påse" at barnehagane vert drivne i "samsvar med gjeldende regelverk"

Avvik 3: Barnehagelova §§ 16 og 8, eksemplifisert med § 22.

Skodje kommune som barnehagemyndigheit fyller ikkje plikta til å «påse» at dei tilsette i barnehagane oppfyller rapporteringsplikta til barnevernet etter § 22.

Lovkrav:

Det følgjer av barnehagelova § 16 første setning at:

"Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov"

Denne plikta vert utfylt av § 8 første ledd der det mellom anna står at:

"Kommunen skal (...) påse at barnehagen drives i samsvar med gjeldende regelverk"

Ein del av dette regelverket er barnehagelova § 22. Det følgjer av denne føresegna at:

"Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid være oppmerksom på forhold som kan føre til tiltak fra barnevernstjenestens side.

Uten hinder av taushetsplikt skal barnehagepersonalet av eget tiltak gi opplysninger til barnevernstjenesten når det er grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt, jf. lov om barneverntjenester § 4-10, § 4-11, § 4-12, eller når et barn har vist vedvarende alvorlige adferdsvansker, jf. samme lov § 4-24. Også etter pålegg fra de organer som er ansvarlige for gjennomføringen av lov om barneverntjenester, plikter barnehagepersonalet å gi slike opplysninger. Opplysninger skal normalt gis av styrer"

Lovkommentar:

Gjennom kravet til kommunen si tilsynsverksemd slik denne går fram av §§ 16 og 8, har barnehagemyndigheita som oppgåve å føre tilsyn med at § 22 vert følgd i barnehagen. Det kan stillast spørsmål ved om kor inngåande dette tilsynet skal vere. Eit minimumskrav må i alle høve vere at kommunen påser at dei tilsette i barnehagane er kjend med at dei har ei individuell plikt til å gje opplysningar til barneverntenesta, jf. § 22 andre ledd. Dette kan ein til dømes gjere ved at dei tilsette barnehagane (både kommunale og ikkje-kommunale) vert orientert om plikta etter § 22 ved tilsetjing. Sjå meir om den individuelle plikta etter § 22 i Kunnskapsdepartementet sine merknadar til føresegna.

Avviket er tufta på følgjande observasjonar:

Det gjekk fram under tilsynet at Skodje kommune orienterer om opplysningsplikta til barnevernet gjennom styrarmøte ein gong i året. Ut over dette er det barneverntenesta som er initiativtakar. Utifrå dokumentgranskinga og erfaringar som vart gjort under tilsynsbesøket, kan ikkje Fylkesmannen sjå at Skodje kommune fyller plikta etter barnehagelova § 8 til å «påse» at barnehagane i kommunen stettar den individuelle opplysningsplikta etter § 22.

4. Merknader

Fylkesmannen gjorde to merknader under tilsynet.

Merknad 1: Barnehagelova §§ 16 og 8

Skodje kommune fører tilsyn med barnehagane i kommunen, men bør vurdere om tilsynet skal organiserast på ein måte som hindrar at einskilde barnehagar blir tillagt tilsynsrolle under tilsynet.

Bakgrunn for merkningen

Skodje kommune fører systematisk tilsyn med barnehagane i kommunen. Under tilsynet kom det fram at det i forkant av tilsyna vert drøfta på styrarmøta kva som skal vere tema for tilsynet, samt at det på kvart tilsyn også deltek ein person frå ein av dei andre barnehagane enn den det vert ført tilsyn med. Under tilsynet kom det fram at ein både frå kommunen og barnehagane si side var nøgd med denne måten å organisere tilsynet på.

Barnehagelova gjev ingen bindingar for korleis tilsynet skal utførast, og det er opp til kommunestyret å avgjer kva organ som skal utføre tilsynet, jf. kommunelova §§ 10, 12 og 23. Ved utøvinga av tilsynet er det likevel viktig å vere merksam på at tilsyn er noko anna enn rettleiing, dette er ei lovfest oppgåve etter barnehagelova § 8 første ledd. For sine eigne verksemdar, er kommunen sitt tilsyn lovfesta i i kommunelova kap. 12.

På grunn av at tilsynsrolla har ei viktig side mot nettopp rettleiing, er det viktig å definere tilsynet som noko som skjer ovanfrå og ned, der ei viktig oppgåver vil vere å gje pålegg til barnehagane i kommunen dersom det vert drive i strid med lovverket. Tilsynet må etter ei formålsbetraktning gjennomførast og organiserast slik at eventuelle lovbrøt/avvik blir oppdaga og sanksjonert.

Fylkesmannen ser heilt klare fordelar med den løysinga som ein praktiserer i Skodje kommune, ved at tilsynet også blir ein god arena for erfaringsutveksling. Likevel er Fylkesmannen komen fram til at denne forma for tilsyn ligg på grensa til kva som er omfatta av tilsynsomgrepet, og vi er ikkje trygge på at den ordninga ein no praktiserer i Skodje kommune er organisert slik at ein for framtida kan vere trygge på at eventuelle lovbrøt vert oppdaga og sanksjonert. Vi gjer og merksam på at den organiseringa ein har i dag, lett kan kome i konflikt med habilitetsreglane i forvaltningslova.

Det vert tilrådd at kommunen gjennomgår organiseringa av tilsyna, slik at dei som det vert ført tilsyn med ikkje er med på å drøfte kva som skal vere innhaldet i tilsynet.

Merknad 2: Barnehagelova §§ 16 og 8, eksemplifisert med § 19

For dei kommunale barnehagane vert det registrert om det er framlagt politiattest ved tilsetjing. Dette vert teke hand om av kommunen sitt arkiv. Fylkesmannen kunne under tilsynet ikkje sjå at kommunen «påser» at dei tilsette i den private barnehagen legg fram politiattest, anna enn at dette er eit tema på styrarmøta.

Tilråding

Det vert tilrådd at kommunen utarbeider rutinar for å sjå til at dei dei tilsette i samtlege barnehagar i kommunen legg fram politiattest.

5. Andre tilhøve

Det vart ikkje funne andre tilhøve som gir grunnlag for omtale i tilsynsrapporten.

6. Gjennomføring

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

Varsel med tema for tilsynet vart utsendt 08.7.2011

Formøte og intervju (5 personar) vart halde 15.11.2011

Sluttmøte vart halde 08.12.2011

I vedlegg 2 er det gitt ei oversikt over deltakarane under tilsynet.

VEDLEGG 1

Dokumentunderlag for fylkesmannens tilsyn

1. Følgjande materiale tilsendt frå kommunen:

1. Kommunen si årsmelding
2. Organisasjonskart for kommunen
3. Delegasjonsreglement i kommunen
4. Vedtak om dispensasjonar frå utdanningskravet ped.leiar
5. Temaplan for barnehageområdet i Skodje kommune
6. Lokal rammeplan med kompetanseplan for Skodje kommune
7. Tilsynsplan for Skodje kommune
8. Rapport frå dialogbasert tilsyn på barnehageområdet
9. System for tilsyn etter systemrevisjonsmetode
10. Tilsynsplan for Skodje kommune etter forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar
11. Godkjenning av barnehagar
12. Retningslinjer for samarbeid mellom barnehagane og Storfjorden barnevern
13. Plan for overgang barnehage-skule Skodje kommune
14. Årshjul for administrativ samhandling på barnehageområdet i Skodje kommune

2. Lov 17. juni 2005 nr.64 om barnehagar (barnehageloven) med forskrifter og departementets merknader til bestemmelsene (Kunnskapsdepartementet)

3. Veileder. Tilsyn med barnehager (Kunnskapsdepartementet)

VEDLEGG 2

Oversikt over kva personer frå kommunen som var direkte involvert i revisjonen.

I tabellen under er det gitt ei oversikt over deltakarar frå kommunen under opningsmøte og sluttmøte, og over kva personer som vart intervjua.

Navn	Funksjon	Formøte	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Kjell Bjørdal	Rådmann	X	X	X	X
Bente Glomset Vikhagen	Kommunalsjef	X	X	X	X
Jorid Sunde	Privat barnehageeigar	X	X	X	X
Janne Aamelfot	Styrar kommunal barnehage	X	X	X	X
Sissel Natvik	Styrar privat barnehage	X	X	X	X

Frå fylkesmannen deltok seniorrådgivar Maren Ørjasæter Aaland og rådgivar Knut Meek Corneliussen, med sistnemnde som revisjonsleiar.

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Skodje kommune

Dato: 03.12.2012

**SAK 19/12
BUDSJETT 2013 – SKODJE KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Skodje kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggst i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde. Desse utgiftene bygg på satsar vedtekne i Skodje kommune. Dette budsjettoppsettet vil dermed omfatte kurs, opplæringsutgifter og reiseutgifter.

Kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalskonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalskonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Budsjettet for kontrollutvalet sin opplærings-og reiseaktivitet blir sett til 50.000 kroner.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Dato: 03.12.2012

Kontrollutvalet
i Skodje kommune

**SAK 20/12
FINANSFORVALTNING**

Som vedlegg følger:

- Brev datert 31.05.2012 frå kommunerevisjonen
- Epost datert 13.06.2012 frå Skodje kommune
- Epost datert 13.06.2012 frå kommunerevisjonen
- Brev datert 28.06.2012 frå Skodje kommune
- Brev datert 06.07.2012 frå kommunerevisjonen
- Brev datert 30.07.2012 frå Skodje kommune
- Brev datert 30.08.2012 frå Skodje kommune
- **Nummerert brev nr. 1 av 14.09.2012 om finansforvaltninga i Skodje kommune**

Brevet av 31.05.2012 reiser 4 spørsmål:

1. *Er det utarbeidd og kvalitetsikra rutinar (av ekstern kompetanse) for finansforvaltninga i Skodje kommune? (I følge vedtak i kommunestyret skulle det gjerast innan 1. halvår 2011. jf sak 51/10.)*
2. *Kor mykje var pr. 31.12.2011 og er pr. dags dato tilgjengeleg for langsiktig forvaltning i kommunen (langsiktige finansielle aktiva)*
3. *Kor mykje var pr. 31.12.2011 og er pr. dags dato plassert i langsiktig forvaltning, og kor stor del av dette var plassert i aksjar/aksjefond?*
4. *Vi ber om å få sendt over rapporteringa på finansforvaltninga i Skodje kommune til kommunestyret etter 2. tertial 2011 og årsrapportering for 2011. Vi ber vidare om å få sendt over rapport etter 1. tertial 2012.*

Svar på desse spørsmåla er gitt i epost av 13.06.2012 og brev av 28.06.2012 frå Skodje kommune. Ettersom det i brev av 28.06.2012 er vist til epost av 13.06.2012, er epostkorresspondanse innhenta og lagt ved dokumenta.

Når det gjeld spørsmål 1 går det fram at kommunen ikkje er kjent at slike rutinar ligg føre.

Av svar på spørsmål 2 og 3 går det fram at det pr. 31.12.2011 var kr 72.807.787 plassert som langsiktig finansiell forvaltning og pr. juni om lag 36 til 40 mill. kroner som no synes vere i samsvar med tilgjengeleg og lovleg beløp. Av dette er 22.338.479 kroner i aksjar. Som svar på spørsmål 4 går det fram at det ikkje har vore laga egne rapportar om finansforvaltninga.

Men det går fram av svaret at både kommunestyre og formannskap fortløpande har blitt orientert om utviklinga av «kraftfondet».

Brevet blir avslutta med synspunkt om av at revisjonen burde ha vore meir på banen i staden for «å sitte på gjærdet». Desse synspunkta blir kommentert av kommunerevisjonen i epost av 15.06.2012 og brev av 06.07.2012.

I brev av 06.07.2012 går det fram at kommunerevisjonen 06.09.2011 sendte brev til rådmannen der det vart minna om utarbeiding av slike administrative rutinar. Det går også fram av brevet at rutinane vart bedt oversendt kommunerevisjonen so snart som mulig dersom det var ønskjeleg at kommunerevisjonen skulle kvalitets sikre desse. (Kommunen kunne velge ein annan aktør dersom dei ønskte det.)

På side 2 i kommunerevisjonens brev av 06.07.2012 er det gitt ei forklaring på deler av finansreglementet til Skodje kommune:

- Kommunen skal ha kunnskap som er tilstrekkeleg til å utøve finansforvaltning i samsvar med regelverket.
- Kommunestyret er det organet som skal ta stilling til prinsipielle spørsmål også kva som er langsiktige finansielle aktiva. Det er restriksjonar både på bruk og plassering av desse midlane. Utreiingsplikta ligg til rådmannen.
- Grunnkapitalen i fondet skal bevarast målt i realverdi
- Det er delegert til rådmannen å stå for forvaltninga av midlane
- Rådmannen skal rapportere til kommunestyre om finansforvaltninga

Dei langsiktige finansielle aktiva er av kommunen oppgitt til 72,8 mill. Det verkar av dei opplysningane som er gitt til kommunestyret og andre at det har vore ukjent at bruk og planlagt bruk av fondet på om lag 36 mill. kroner skal ha konsekvensar for den summnen som då blir lovleg å ha til forvaltning. Denne manglande forståinga kan dermed ha medført at plasseringa i aksjar der reglementet har ei øvre grense på 45% har vore ei plassering på om lag 60%.

Av kommunerevisjonen sitt brev av 06.07.2012 side 3 går mellom følgjande fram:

Som det går fram av utgreiinga under, kan det stillast spørsmål ved om det er/har vore avvik på alle dei nemnte punkta i reglementet.

Dei nemnde punkta gjeld:

1.3, 2. Kulepunkt.

Kunnskap og kompetanse i forhold/ i samsvar med finansreglementet

1.3 3. kulepunkt.

Kommunestyret og prinsipielle spørsmål, rådmannen si utgreiingsplikt

1.3 4. kulepunkt

Bevaring av grunnkapital i realverdi

3.1, første avsnitt

Langsiktige finansielle aktiva skal ikkje nyttast til drift, investeringar eller nedbetaling av gjeld dei neste 36 månadene

3.2

Om grenser for ulike plasseringsval

5, første avsnitt, første kulepunkt

Om grensene for rådmannen sitt delegerte mynde og etablering av rutinar, jf vedtak i kommunestyret om utarbeiding av rutinar innan 1. halvår 2011

6.1 Om rapportering – Rådmannen sin rapporteringsplikt

6.2 Om avvikshandtering og avviksrapportering

Kommunen sitt synspunkt på at det ikkje har blitt gitt tilstrekkeleg oppfølging frå kommunerevisjonen (jf epost av 13.06.2012) si side indikerer ei uvanleg rolleforståing. Det indikerer også at mottekne brev på området ikkje blir følgt opp og at kompetansen innan finansforvaltning synest vere mangelfull. Punkta med avvik nemnt ovanfor peikar i same retning. Det er uheldig at det blir gjort feil på fleire område i finansforvaltninga.

I vurderinga til kommunerevisjonen kjem mellom anna følgjande fram:

Kommunerevisjonen må i sitt arbeid legge til grunn at rådmann og økonomisjef som øvste administrative leiing kjenner til eige økonomi- og finansreglement. Utgreiinga over indikerer etter vår vurdering at det er manglar ved den interne kontrollen i Skodje kommune.

I rådmannen sitt brev datert 30.07.2012 blir ikkje påviste feil og manglar ved finansforvaltninga i Skodje kommune tilbakevist.

I nummerert brev av 14.09.2012 kjem kommunerevisjonens konklusjonar fram. Desse er opplista i 5 punkt og det blir vist til desse.

Eit nummerert brev er uttrykk for eit alvorleg avvik, jf § 4 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner.

På bakgrunn av forholda nemnt ovanfor legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet stiller seg kritisk til rådmannen si handtering av finansforvaltninga i Skodje kommune.

Harald Rogne
dagleg leiar

Skodje kommune
v/rådmannen
Rådhuset

6260 SKODJE

Vår sakshandsamar:
Kurt A. Løvoll

Vår dato:
31.05.2012

Vår referanse:

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

Oppfølging finansreglement i Skodje kommune

Vi viser til vår attestasjonsrapport om reglement for finansforvaltning i Skodje kommune datert 22.11.2010, og til kommunestyrevedtak 14.12.2010 Sak 51/10 punkt 2:

«Det skal utarbeidast administrative rutinar til reglementet innan 1. halvår 2011.»

Vi viser og til påminning/førespurnad frå kommunerevisjonen datert 06.09.2011 vedrørende krav til utarbeiding og ekstern vurdering av rutinar for finansforvaltninga¹, der vi opplyste om at kommunerevisjonen kunne gjennomføre slik vurdering dersom det var ønskeleg.

Det blir vidare vist til budsjett for 2012 med økonomiplan 2013-2015, og disposisjonar i rekneskapssaka for 2011. Det kan sjå ut som at delar av midlane til langsiktig forvaltning er disponert i desse sakene. Vi minner om finansreglementet til kommunen der det i punkt 3.1 går fram at

«Langsiktige finansielle aktiva er den delen av kommunen sine finansielle eigedelar som i samsvar med føreliggande prognoser, budsjett og planar, ikkje skal nyttast til drift, investeringar eller nedbetaling av gjeld dei neste 36 månadane.»

Det går vidare fram i punkt 3.2 at av desse langsiktige finansielle aktiva kan det maksimum plasserast 45 % i aksjar.

Til slutt viser vi til finansforskrifta § 6 og finansreglementet § 6.1 med krav om rapportering til kommunestyret gjennom året.


¹ Jf. finansforskrifta §8

Vi har ut frå dette følgjande spørsmål:

1. Er det utarbeidd og kvalitetssikra rutinar (av ekstern kompetanse) for finansforvaltninga i Skodje kommune?
2. Kor mykje var pr. 31.12.2011 og er pr. dags dato tilgjengeleg for langsiktig forvaltning i kommunen (langsiktige finansielle aktiva)?
3. Kor mykje var pr. 31.12.2011 og er pr. dags dato plassert i langsiktig forvaltning, og kor stor del av dette er plassert i aksjar/aksjefond?
4. Vi ber om å få sendt over rapporteringa på finansforvaltninga i Skodje kommune til kommunestyret etter 2. tertial 2011 og årsrapportering for 2011. Vi ber vidare om å få sendt over rapport etter 1. tertial 2012.

Frå kommunerevisjonen si side er det ønskeleg med snarleg svar, seinast innan 8. juni. Svar kan sendast elektronisk til kurt.lovoll@komrev3.no.

Med helsing


Kjetil Bjørnsen
dagleg leiar


Kurt A. Løvøll
revisjonsrådgjevar



Kjetil
Bjørnsen/KOMMUNEREVIS
JON

13.06.2012 12:47

Til Harald
Rogne/KOMMUNEREVISJON@KOMMUNEREVISJON

cc

bcc

Emne Vs: Vedr oppfølging av finansreglementet i Skodje kommune

----- Videresendt av Kjetil Bjørnsen/KOMMUNEREVISJON den 13.06.2012 12:47 -----



"Asle Giske"
<Asle.Giske@skodje.komm
une.no>

13.06.2012 12:25

Til kurt.lovoll@komrev3.no

cc "Kjell Bjørdal" <Kjell.Bjordal@skodje.kommune.no>, "Kjetil
Bjørnsen" <kjetil.bjornsen@komrev3.no>

Emne Vedr oppfølging av finansreglementet i Skodje kommune

Hei,

Viser til ditt brev av 31.05.2012 og møte hos dere torsdag 7. juni.

Herved følger (kort) svar på dine spørsmål. Du får dette også sendt pr brev i noe mer fyldig form (det må gå veien om saksarkivet). Om hvor vidt jeg rekker å få dette brevet i posten i dag er usikkert. I så fall så blir det ikke sendt før over helgen (blir vekke resten av uken, skal ut å reise). Får håpe at svarene som herved gis i første omgang er tilfredsstillende for dere.

spm 1:

Svaret er så langt vites "nei". Rutinene er i alle fall ukjent for meg. Det har ikke blitt sagt noe om verken fra tidl øk sjef eller andre om at slike rutiner finnes og hvor disse eventuelt befinner seg.

Spm 2:

Sum langsiktige finansielle aktiva er pr 31.12.2011 beregnet til 36,9 mill kr.

Vedrørende langsiktige finansielle aktiva pr dags dato så antar jeg at det skal tas hensyn til driftsresultatet pr dags dato sett i forhold til budsjett, og om det er vedtatt andre budsjettmessige endringer enten i drift eller investering som påvirker størrelsen langsiktige finansielle aktiva. Til det siste, så er det ikke gjort noen slike budsjettmessige vedtak så langt. Til det første, så viser driftsregnskapet pr april at det akkumulerte underskuddet i drifta er 3,1 mill kr mindre enn budsjettet.

Det betyr da (muligens) at sum langsiktige finansielle aktiva kan økes med det samme beløp, altså til 40 mill kr (siden vi ligger bedre an enn opprinnelig vedtatt budsjettet).

Spm 3:

Pr 31.12.2011 var kr 72.807.787.- plassert som langsiktig finansiell forvaltning. Av dette kr 22.338.479.- i aksjer.

Pr dags dato: I samråd med formannskapet i går er det besluttet å redusere beløp til aktiv forvaltning med 36 mill kr (20 mill kr i Sp Møre og 16 mill kr i Skagen). Markedsverdi på sum porteføljer pr 11. juni var kr 72,7 mill kr. Det vil si at når dagens "nedsalg" er gjennomført (forvalterne har fått beskjed om å iverksette), så står det igjen til aktiv forvaltning 36,7 mill kr.

Beløp til kortsiktig forvaltning, 36 mill kr, er/vil så langt bli satt inn på egen konto i Sparebanken Møre, så får en etter hvert gå ut i markedet å forhandle om beste vilkår for disse.

Formannskapet ønsket også en sak fremlagt for økonomi- og finansutvalget så raskt som mulig for hva en skal gjøre med resterende beløp som står til langsiktig aktiv forvaltning. Skal en tolke ordfører og formannskap så er det mye som kan tyde på at en ønsker å trekke seg helt ut av dette. Går en tilbake i tid (til 2004), så er det mye som kan tyde på at avkastningen på midler til langsiktig aktiv forvaltning ikke står i stil til risikoen (standardavviket). En sak vil bli fremlagt så raskt som mulig, så får en så hva som kommer ut av det.

Spm 4:

Det har i min periode som økonomisjef ikke blitt laget til egne rapporter om finansforvaltningen. Det er nokså nytt for meg at slike rapporter skal utarbeides. Imidlertid så har både kommunestyre og formannskap fortløpende blitt orientert om utviklingen av "kraftfondet" i f b med de månedlige rapporteringene. Men egne rapporter om finansforvaltningen har som sagt ikke blitt utarbeidd. Når det gjelder rapport etter 1. tertial 2012 skal dere få den når den blir klar. Men jeg trenger tid å utarbeide den, siden dette er nytt for meg.

Til spørsmålene og temaet som med dette er reist, har jeg også lyst til å kommentere følgende: At dere som revisor for Skodje kommune antakeligvis er godt kjent med at den som satt på kompetansen for å kunne håndtere regelverket rundt både langsiktige og kortsiktige finansielle aktiva var tidligere økonomisjef. Når så både han og den andre sentrale økonomimedarbeideren slutter og nye folk etter hvert kommer inn og som ikke har bakgrunn fra det kommunale systemet, så er der en betydelig risiko for at ting vil kunne glippe. Vesentlige ting bør helst ikke glippe. Ansvar for dette ligger naturligvis hos kommunen. Men sett fra det perspektivet at Skodje kommune er kommunerevisjonen sin kunde og kanskje vår nærmeste samarbeidspartner innenfor økonomiområdet for gjensidig læring og utvikling, burde dere kanskje ha vært på banen i forhold til disse tingene på et noe tidligere tidspunkt ved å peke på og ved å gi råd og veiledning om disse tingene, i stedet for "å sitte på gjerdet" i påvente av hva som skjer. Revisjonen skal virke både forebyggende, oppdagende og korrigerende. En god måte å forebygge på i dette tilfellet ville vært på et tidlig stadie når jeg begynte i jobben å invitere meg til en samtale som "ny kunde" å avklare viktige ting å passe på som økonomisjef i den kommunale verden. Det var en digresjon fra min side, og som et innspill til et fortsatt godt samarbeid :-) (når det er sagt, når dere først kom på banen, så var det helt supert, for all del, men poenget mitt er at dere burde gjort dette før, fordi dette

er et viktig område der en ikke bør snuble så alt for mye....)

Med helsing

Asle J Giske

Økonomisjef

Telefon: 90157594/70244025

E-post: asle.giske@skodje.kommune.no



Skodje kommune

Sentralbord: 70244000

www.skodje.kommune.no



Kjetil
Bjørnsen/KOMMUNEREVIS
JON

15.06.2012 11:25

Til Harald
Rogne/KOMMUNEREVISJON@KOMMUNEREVISJON
cc
bcc
Emne Vs: SV: Vedr oppfølging av finansreglementet i Skodje
kommune

Til orientering!

Kjetil

----- Videresendt av Kjetil Bjørnsen/KOMMUNEREVISJON den 15.06.2012 11:24 -----



Kurt Anders Løvoll
<kurt.lovoll@komrev3.com>

15.06.2012 11:21

Til "Asle Giske (Asle.Giske@skodje.kommune.no)"
<Asle.Giske@skodje.kommune.no>,
"Kjell.bjordal@skodje.kommune.no"
<Kjell.bjordal@skodje.kommune.no>
cc Kjetil Bjørnsen (kjetil.bjornsen@komrev3.no)
<kjetil.bjornsen@komrev3.no>
Emne SV: Vedr oppfølging av finansreglementet i Skodje kommune

Hei

Deler av det siste avsnittet må være basert på en misforståelse om sakens innhold og/eller rolleforståelse.

Da jeg nå skulle følge opp revisjonsrapporten og se på denne saken, tok jeg umiddelbart kontakt i form av brev da jeg fikk mistanke om at det kunne være brudd på reglementet, og jeg tilbød umiddelbart et møte da vi snakket sammen. Det er mulig at vårt brev ikke oppfattes som kundesvennlig, men vi har et tilsynsansvar overfor administrasjonen i kommunen på vegne av Kontrollutvalg og Kommunestyre, og dette må være profesjonelt, etterprøvbart og derfor formelt når det er nødvendig.

Så er det slik at vi selvsagt også gir råd og veiledning jf. møtet vi hadde her på kontoret. Jeg minner også om at brevet vi sendte i fjor høst der vi minnet om at rutineene skulle utarbeides, og at vi kunne kvalitetssikre disse om det var ønskelig. Vi legger for øvrig til grunn at rådmenn og økonomisjefer har lest og kjenner til sine økonomi- og finansreglement.

Til slutt ber jeg derfor om en utdyping av hva du legger i at revisjonen har sittet på gjerdet, slik at vi kan få ryddet opp i eventuelle misforståelser.

Ta gjerne kontakt om noe er uklart.

Med hilsen
Kurt Løvoll
90600168

Fra: Asle Giske [<mailto:Asle.Giske@skodje.kommune.no>]

Sendt: 13. juni 2012 12:26

Til: kurt.lovoll@komrev3.no

Kopi: Kjell Bjørdal; Kjetil Bjørnsen

Emne: Vedr oppfølging av finansreglementet i Skodje kommune

Hei,

Viser til ditt brev av 31.05.2012 og møte hos dere torsdag 7. juni.

Herved følger (kort) svar på dine spørsmål. Du får dette også sendt pr brev i noe mer fyldig form (det må gå veien om saksarkivet). Om hvor vidt jeg rekker å få dette brevet i posten i dag er usikkert. I så fall så blir det ikke sendt før over helgen (blir vekke resten av uken, skal ut å reise). Får håpe at svarene som herved gis i første omgang er tilfredsstillende for dere.

spm 1:

Svaret er så langt vites "nei". Rutinene er i alle fall ukjent for meg. Det har ikke blitt sagt noe om verken fra tidl øk sjef eller andre om at slike rutiner finnes og hvor disse eventuelt befinner seg.

Spm 2:

Sum langsiktige finansielle aktiva er pr 31.12.2011 beregnet til 36,9 mill kr.

Vedrørende langsiktige finansielle aktiva pr dags dato så antar jeg at det skal tas hensyn til driftsresultatet pr dags dato sett i forhold til budsjett, og om det er vedtatt andre budsjettmessige endringer enten i drift eller investering som påvirker størrelsen langsiktige finansielle aktiva. Til det siste, så er det ikke gjort noen slike budsjettmessige vedtak så langt. Til det første, så viser driftsregnskapet pr april at det akkumulerte underskuddet i drifta er 3,1 mill kr mindre enn budsjettert. Det betyr da (muligens) at sum langsiktige finansielle aktiva kan økes med det samme beløp, altså til 40 mill kr (siden vi ligger bedre an enn opprinnelig vedtatt budsjettert).

Spm 3:

Pr 31.12.2011 var kr 72.807.787.- plassert som langsiktig finansiell forvaltning. Av dette kr 22.338.479.- i aksjer.

Pr dags dato: I samråd med formannskapet i går er det besluttet å redusere beløp til aktiv forvaltning med 36 mill kr (20 mill kr i Sp Møre og 16 mill kr i Skagen).

Markedsverdi på sum porteføljer pr 11. juni var kr 72,7 mill kr. Det vil si at når dagens "nedsalg" er gjennomført (forvalterne har fått beskjed om å iverksette), så står det igjen til aktiv forvaltning 36,7 mill kr.

Beløp til kortsiktig forvaltning, 36 mill kr, er/vil så langt bli satt inn på egen konto i Sparebanken Møre, så får en etter hvert gå ut i markedet å forhandle om beste vilkår for disse.

Formannskapet ønsket også en sak fremlagt for økonomi- og finansutvalget så raskt som mulig for hva en skal gjøre med resterende beløp som står til langsiktig aktiv forvaltning. Skal en tolke ordfører og formannskap så er det mye som kan tyde på at en ønsker å trekke seg helt ut av dette. Går en tilbake i tid (til 2004), så er det mye som kan tyde på at avkastningen på midler til langsiktig aktiv forvaltning ikke står i stil til risikoen (standardavviket). En sak vil bli fremlagt så raskt som mulig, så får en så hva som kommer ut av det.

Spm 4:

Det har i min periode som økonomisjef ikke blitt laget til egne rapporter om finansforvaltningen. Det er nokså nytt for meg at slike rapporter skal utarbeides. Imidlertid så har både kommunestyre og formannskap fortløpende blitt orientert om utviklingen av "kraftfondet" i f b med de månedlige rapporteringene. Men egne rapporter om finansforvaltningen har som sagt ikke blitt utarbeidd. Når det gjelder rapport etter 1. tertial 2012 skal dere få den når den blir klar. Men jeg trenger tid å utarbeide den, siden dette er nytt for meg.

Til spørsmålene og temaet som med dette er reist, har jeg også lyst til å kommentere følgende: At dere som revisor for Skodje kommune antakeligvis er godt kjent med at den som satt på kompetansen for å kunne håndtere regelverket rundt både langsiktige og kortsiktige finansielle aktiva var tidligere økonomisjef. Når så både han og den andre sentrale økonomimedarbeideren slutter og nye folk etter hvert kommer inn og som ikke har bakgrunn fra det kommunale systemet, så er der en betydelig risiko for at ting vil kunne glippe. Vesentlige ting bør helst ikke glippe. Ansvar for dette ligger naturligvis hos kommunen. Men sett fra det perspektivet at Skodje kommune er kommunerevisjonen sin kunde og kanskje vår nærmeste samarbeidspartner innenfor økonomiområdet for gjensidig læring og utvikling, burde dere kanskje ha vært på banen i forhold til disse tingene på et noe tidligere tidspunkt ved å peke på og ved å gi råd og veiledning om disse tingene, i stedet for "å sitte på gjerdet" i påvente av hva som skjer. Revisjonen skal virke både forebyggende, oppdagende og korrigerende. En god måte å forebygge på i dette

tilfellet ville vert på et tidlig stadie når jeg begynte i jobben å invitere meg til en samtale som "ny kunde" å avklare viktige ting å passe på som økonomisjef i den kommunale verden. Det var en digresjon fra min side, og som et innspill til et fortsatt godt samarbeid :-)) (når det er sagt, når dere først kom på banen, så var det helt supert, for all del, men poenget mitt er at dere burde gjort dette før, fordi dette er et viktig område der en ikke bør snuble så alt for mye....)

Med helsing

Asle J Giske

Økonomisjef

Telefon: 90157594/70244025

E-post: asle.giske@skodje.kommune.no



Skodje kommune

Sentralbord: 70244000

www.skodje.kommune.no



Kommunerevisjonen
Postboks 7734, Spjelkavik

6022 ÅLESUND

Vår ref
10/909-7

Sakshandsamar
Asle John Giske, 70 24 40 25

Dykkar ref

Arkiv
200

Dato
28.06.2012

VEDR OPPFØLGING AV FINANSREGLEMENTET I SKODJE KOMMUNE

Syner til Dykkar brev av 31.mai, møte i Dykkar kontor 7. juni og til min mail av 13. juni.

I mailen av 13. juni er det svart på dei spørsmåla som er stilt i Dykkar brev av 31. mai. Svara vert i det følgjande gjentatt her, slik at vi får dette registert i saksarkivet vårt (saksnr 10/909).

Spørsmål 1 – Er det utarbeidd og kvalitetssikra rutinar (av ekstern kompetanse) for finansforvaltninga i Skodje kommune?

Frå mi tid som økonomisjef i kommunen (2. mai 2011) så er det ukjent for meg om det finnes vedtekne/nedfelte intern kontrollrutine for finansforvaltninga som er kvalitetssikra av ekstern kompetanse. Så langt eg kjenner til så finnes det ikkje noko skriftlig på dette området. Kva som har vore praksis tidligare er også ukjent for meg.

Spørsmål 2 – Kor mykje var 31.12.2011 og er pr dags dato tilgjengelig for langsiktig forvaltning i kommunen (langsiktige finansielle aktiva)?

I reknestykket så har eg støtta meg til det arbeidet som er gjort av Svein Ove Otterlei. Dette syner at langsiktige finansielle aktiva pr 31.12.2011 er kr 36,9 mill kr.

Langsiktige finansielle aktiva pr dags dato er berekna til å ligge på omtrentlig same nivå som pr 31.12.11. Det er ikkje gjort endringar i budsjettvedtak som so langt påverkar denne storleiken. Ei framskriving av drifta ut året syner også at ein kjem til å hamne ut omtrentlig på budsjettert underskot.

Spørsmål 3 – Kor mykje var pr 31.12.2011 og er pr dags dato plassert i langsiktig forvaltning, og kor stor del av dette er plassert i aksjar/aksjefond?

Pr 31.12.2011 var kr 72.807.787,- plassert i langsiktige finansielle aktiva, av dette kr 22.338.479 i aksjar (30 %)


Med utgangspunkt i marknadsrapportane pr mai (marknadsrapportar for juni er enno ikkje klare), og det nedsalget som har skjedd i juni, er sum finansielle aktiva pr dags dato ca 36,7 mill kr. Dei forvaltarane som har måtte redusert sitt engasjement har fått beskjed om å foreta nedsalget på ein slik måte at høvestalet mellom aksjar/obligasjonar og rentepapir vert i

utgangspunktet uendra. Pr 31.mai var dette høvestalet 56 % i aksjar/obligasjonar, resten, 44% , i rentepapir.

Spørsmål 4 – vi ber om å få sendt over rapporteringa på finansforvaltninga i Skodje kommune til kommunestyret etter 2. tertial 2011 og årsrapportering for 2011. Vi ber vidare om å få sendt over rapport etter 1. tertial 2012.

Som sagt i mail så er ikkje egne rapportar for finansforvaltninga utarbeidd i mi tid som økonomisjef. Det har heller ikkje så langt blitt utarbeidd rapport for 1. tertial 2012. Årsakene til dette er gjort greie for i mail av 13. juni. På den andre sida så er formannskap og kommunestyre kontinuerlig orientert om utviklinga i «kraftfondet» i form av månedlige rapportar vedr drifta i kommunen.

Med helsing



Asle John Giske
økonomisjef

Skodje kommune
v/rådmannen
Rådhuset
6260 SKODJE

Vår sakshandsamar:
Kurt A. Løvoll

Vår dato:
06.07.2012

Vår referanse:

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

Vedkommande finansforvaltning i Skodje kommune

Bakgrunn - historikk

Kommunerevisjonen var uavhengig instans ved kvalitetssikring av finansreglementet (vedlegg 1) då dette vart vedtatt av Skodje kommunestyre 14.12.2010. I vår kvalitetssikring gjorde vi merksam på at det skulle utarbeidast administrative rutinar som også skulle kvalitetssikrast av uavhengig kompetanse.

Ved handsaming av det nye finansreglementet vedtok Skodje kommunestyre at:

«Det skal utarbeidast administrative rutinar til reglementet innan 1. halvår 2011»

06.09.2011 sendte kommunerevisjonen brev (vedlegg 2) til rådmannen der vi minna om utarbeiding av slike administrative rutinar, og bad om at desse var sendt til kommunerevisjonen så snart som mogleg dersom det var ønskeleg at vi skulle kvalitetssikre rutinane. Skodje kommune vel sjølv uavhengig instans.

Ved inngangen til arbeidet med årsavsluttinga for 2011 vart det gjennomført eit møte 04.01.2012 mellom kommunerevisjon og Skodje kommune ved økonomiavdelinga. Temaet

Postadresse:
Postboks 7734, Spjelkavik
6022 Ålesund

Besøksadresse:
Lerstadvegen 545, 4 etg.
Epost:
komrev3@komrev3.no

Telefon:
70 17 21 50
Telefaks:
70 17 21 51

Bankkonto:
6540 05 00465
Føretaksregisteret:
NO 971 562 587

finans vart omhandla, og revisjonen gav munnleg det råd til økonomisjefen at han burde gå gjennom revisjonsrapporten¹ som vi hadde utarbeidd i 2010 om finansforvaltninga i Skodje kommune.

Økonomi- og finansreglement

Skodje kommune sitt Økonomi- og finansreglement (vedlegg 3) set rammer for finansforvaltninga i Skodje kommune. I dette reglementet går det mellom anna fram:

Under punkt 1.3, 2. kulepunkt:

Kommunen skal til ein kvar tid ha kunnskap om finansforvaltning som er tilstrekkeleg for at kommunen kan utøve finansforvaltninga i samsvar med reglementet. Dette inneber at det skal vere samsvar mellom finansreglementet og kommunen sin eigen kunnskap om forvaltninga.

Under punkt 1.3, 3. kulepunkt:

Kommunestyret skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om finansforvaltninga, òg kva som vert rekna som langsiktige finansielle aktiva. Det ligg ei sjølvstendig plikt til rådmannen å greie ut og legg fram saker for kommunestyret som blir vurdert som prinsipielle.

Under punkt 1.3, siste avsnitt, 1.kulepunkt:

Skodje kommune har og ei overordna målsetting om at: Grunnkapitalen i fondet etter sal av aksjar i Tafford kraft, som i hovudsak utgjer dei midlane ein har til langsiktig forvaltning, skal bevarast målt i realverdi, det betyr at porteføljen over tid minimum må gje ei avkasting lik inflasjonen, målt ved konsumprisindeksen i Noreg.

Under punkt 3.1, første avsnitt:

Langsiktige finansielle aktiva er den delen av kommunen sine finansielle eigedelar som i samsvar med føreliggande prognosar, budsjett og planar, ikkje skal nyttast til drift, investeringar eller nedbetaling av gjeld dei neste 36 månadane.

Under punkt 3.2 om avgrensingar ved plassering av langsiktige finansielle aktiva:

Grensene betyr at det minimum skal vere plassert 55% av midlane i renter/obligasjonar (rentemarknaden) og maksimalt 100%. Det skal òg alltid minimum ver plassert 0% i aksjar, men ikkje over 45%.

Under punkt 5, første avsnitt, første kulepunkt:

Det vert delegert til rådmannen å stå føre forvaltninga av kommunen sine finansielle midlar, under dette å:

¹ Forvaltningsrevisjonsrapport nr 06/2010 Finansforvaltning i Skodje kommune

- *Etablere og vedlikehalde trygge rutinar for forvaltinga av finansielle midlar.*

Under punkt 6.1 om rapportering:

Rådmannen skal rapportere til kommunestyret kvart tertial om status for kommunen si finansforvaltning.

Etter utgangen av året skal det leggest fram ein rapport for kommunestyret som syner utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Det går vidare i dette punktet fram kva denne rapporteringa skal innehalde.

Under 6.2:

Ved konstatering av avvik mellom faktisk finansforvaltning og finansreglementet sine rammer, skal avvik lukkast. Avviket og eventuelle økonomiske konsekvensar av avviket skal utan ugrunna opphald rapporterast til kommunestyret saman med forslag til rutineendringar som vil reduser muligheita for slikt avvik i framtida.

Som det går fram av utgreiinga under, kan det stillast spørsmål ved om det er/har vore avvik på alle dei nemnde punkta i reglementet.

Disponering av fond

Det har gjennom åra vore fleire disposisjonar av fonda i Skodje kommune.

Ved rekneskapsavsluttinga for 2010 vart det 21.06.2011 vedteke i kommunestyret å nytte 4,6 mill. kroner av ubunde fond til dekning av driftsunderskot, og 12,6 mill. kroner av ubunde investeringsfond til dekning av underskot på investeringsrekneskapen.

Ved handsaming av budsjett/økonomiplan vart det 13.12.2011 vedteke å disponere 3,9 mill. kroner til finansiering av investeringar i 2012 og 2013. Vidare vart det vedteke å bruke 8,7 mill. kroner i åra 2012-2014 til dekning av driftsutgifter.

Ved rekneskapsavsluttinga for 2011 vart det 22.05.2012 vedteke i kommunestyret å nytte 6,3 mill. kroner av disposisjonsfond til dekning av underskot i 2013.

Problemstillingar

Som oppfølging av finansforvaltninga i Skodje kommune og på bakgrunn av disposisjonar i m.a. rekneskapsaka for 2011 (og spørsmål i kommunestyret i same sak om storleiken på kraftfondet), bad revisjonen i brev datert 31.05.2011 (vedlegg 4) rådmannen i Skodje om tilbagemelding på følgjande spørsmål:

1. *Er det utarbeidd og kvalitetssikra rutinar (av ekstern kompetanse) for finansforvaltninga i Skodje kommune?*

2. *Kor mykje var pr. 31.12.2011 og er pr. dags dato tilgjengeleg for langsiktig forvaltning i kommunen (langsiktige finansielle aktiva)?*
3. *Kor mykje var pr. 31.12.2011 og er pr. dags dato plassert i langsiktig forvaltning, og kor stor del av dette er plassert i aksjar/aksjefond?*
4. *Vi ber om å få sendt over rapporteringa på finansforvaltninga i Skodje kommune til kommunestyret etter 2. tertial 2011 og årsrapportering for 2011. Vi ber vidare om å få sendt over rapport etter 1. tertial 2012.*

Vi mottok svar på desse spørsmåla i brev datert 28.06.2012 (vedlegg 5) og e-post datert 13.06.2012 (vedlegg 6). Vi hadde også då gjennomført møte med økonomisjef 07.06.2012 der vi gjekk gjennom problemstillingane vi hadde tatt opp.

Når det gjeld spørsmål 1 går det i svarbrevet fram at:

Frå mi tid som økonomisjef i kommunen (2. mai 2011) så er det ukjent for meg om det finnes vedtekne/nedfelle intern kontrollrutine for finansforvaltninga som er kvalitetssikra av ekstern kompetanse. Så langt eg kjenner til så finnes det ikkje noko skriftlig på dette området. Kva som har vore praksis tidlegare er ukjent for meg.

Når det gjeld spørsmål 2 så er det etter vurdering frå dykkar side 36,9 mill. kroner til langsiktig forvaltning. Økonomisjefen har då valt å nytte førebelse utrekningar frå kommunerevisjonen.

På spørsmål 3 blir det svart at det var plassert 72,8 mill. kroner langsiktig, og at 30 % av dette var i aksjar, men at det etter vår førespurnad no vart gjennomført «nedsal».

Under spørsmål 4 går det fram at det ikkje er utarbeidd tertialrapportar, men at formannskap og kommunestyre er orientert månadleg om utviklinga i «kraftfondet».

Vurdering

Iflg. svar frå Skodje kommune datert 28.06.2012 og e-post datert 13.06.2012, kjenner ikkje økonomisjef til om det er utarbeidd rutinar for finansforvaltninga. Vi viser her til vår påminning både i tidlegare kvalitetssikring og vår førespurnad om dette til rådmannen i september 2011. Kommunerevisjonen viser til krav i finansforskrifta § 3, 3. ledd, om at kommunen til ei kvar tid skal ha kunnskap som er tilstrekkeleg for at kommunen «*kan utøve sin finansforvaltning i tråd med sitt finansreglement*». Med kunnskap om tilstrekkeleg kompetanse forstår ein kompetanse til å foreta fagleg kvalifiserte vurderingar av finansiell risiko og den løpande finansforvaltninga, og kompetanse til å kontrollere om forvaltninga vert utøvd i tråd med finansreglementet, kommunelova sine reglar og reglane i forskrifta.²

Når det gjeld plassering av langsiktige aktiva gir reglementet rom for plassering av maksimum 45 % av langsiktige midlar i aksjar. I vår uavhengige uttale vurderte vi det slik at denne strategiske ramma burde strammast inn, men at det ikkje var brot på finansforvaltningsforskrifta.

² Jf. Merknad til §3 i forskrift om finansforvaltning

Pr. 31.12.2011, og fram til at revisjonen tok opp saka, har det slik vi forstår det vore plassert om lag 60 % av tilgjengelege langsiktige midlar i aksjar. Dette har slik vi forstår brevet frå Skodje kommune no blitt retta opp etter at vi tok opp denne saka. Tilgjengelege langsiktige midlar har etter vår førespurnad no blitt retta til 36,9 mill. kroner, og aksjeplasseringa tilsvarande redusert for å vere i tråd med reglementet. Kommunerevisjonen viser elles til definisjonar i Økonomi- og finansreglementet vedrørande kva som er langsiktige finansielle aktiva.

Reglementet set som nemnt over krav om at prinsipielle spørsmål om langsiktige finansielle aktiva skal greiast ut og leggjast fram for kommunestyret. Vi kan ikkje sjå at dette er gjort jf. det «nedsalet» som her er gjennomført, men vi ser av e-post datert 13.06.12 at «I samråd med formannskapet i går er det besluttet å redusere beløp til aktiv forvaltning med 36 mill. kr...». Vi finn ikkje dette protokollert i sakspapira frå møtet.

Kommunerevisjonen ønskjer også å reise spørsmålet om kor vidt disponering av fondet til å finansiere udekt investeringsrekneskap er eit prinsipielt spørsmål som krev grundig saksutgreiing og prinsippavklaring i forkant av disponering i kommunestyret (jf. krav om forsvarleg saksutgreiing i kommunelova § 23). Ei slik disponering er i sin karakter identisk med å fatte vedtak om å nytte ein vesentleg del av investeringsfondet til ei ekstraordinær nedbetaling av gjeld.

Finansforskrifta § 6 og nemnde finansreglement § 6.1 set krav om rapportering på finansforvaltninga både når det gjeld kva denne skal innehalde, og hyppigheit på rapporteringa. Det går av reglementet fram at det ligg til rådmannen å etablere rapporteringsrutinar i samsvar med dette. Slik vi forstår tilbakemeldinga er dette ikkje følgt opp i tråd med reglementet, men løyst ved månadlege oppdateringar. Vi har ikkje fått sendt over dokumentasjon som viser om desse månadlege rapporteringane inneheld den informasjon reglementet set krav om.

Kommunerevisjonen er usikker på i kva grad avvika frå reglementet som vi har peika på er rapportert til politisk leiing (jf. § 6.2 i finansreglementet). Vi er som nemnt over informert i e-post om at formannskapet skal vere orientert etter at vi tok opp saka, men vi veit ikkje kva informasjon som er gitt, og kva vedtak som er fatta då vi ikkje finn noko om dette i saksdokumenta/protokollar til dei politiske organa.


Ei overordna målsetting i reglementet (§ 1.3) som vart vedteke i desember 2010 er at grunnkapitalen i fondet etter sal av aksjar i Tafjord kraft skal bevarast. Vi finn ikkje i saksdokumenta dokumentasjon på at kommunestyret er gjort merksam på denne føresetnaden i saker der midlar har blitt disponert, og om kommunestyret er gjort kjent med dei konsekvensar budsjett Disposisjonane eventuelt har medført for grunnkapitalen.

I tidlegare nemnde e-post datert 13.06.2012 frå økonomisjefen går det fram at han meiner at revisjonen har sete «på gjerdet» i denne saka. Dette er ikkje korrekt. Vi viser her til utgreiinga over. Kommunerevisjonen må i sitt arbeid legge til grunn at rådmann og økonomisjef som øvste administrative leiing kjenner til eige økonomi- og finansreglement.


Utgreiinga over indikerer etter vår vurdering at det er manglar ved den økonomiske internkontrollen i Skodje kommune.

Med bakgrunn i at forholda som er omtalt over kan vere så vidt alvorlege at vi må rapportere dette til kontrollutvalet, ber vi om rådmannen sine kommentarar på dei omtala punkt så raskt som mogleg, og seinast innan 4 veker (lang svarfrist grunna ferieavvikling).

Med helsing



Kjell Bjørnsen
dagleg leiar



Kurt Anders Løvoll
revisjonsrådgjevar

Kopi: Ordførar og kontrollutval

Vedlegg



KOMREV3 IKS kommunerevisjonen

Vår ref
10/909-9

Sakshandsamar
Synnøve Vasstrand Synnes

Dykkar ref

Arkiv
200

Dato
30.07.2012

VEDKOMMANDE FINANSFORVALTNING I SKODJE KOMMUNE

Det vert synt til Dykkar brev av 06.07.2012.

I brevet vert det teke opp disse punkta (så langt vi kan sjå det), og som kommunerevisjonen ønskjer ein kommentar på:

1. Manglande administrative rutine knytt til finansforvaltninga
2. Kommunen sin kompetanse til å drive (aktiv) finansforvaltning
3. Kva informasjon som er gitt til politisk nivå vedkommande finansforvaltninga
4. Prinsipielle spørsmål knytt til disponering av fondet til å finansiere udekka i investeringsrekneskapen

Vedr pkt 1 - Manglande administrative rutine knytt til finansforvaltninga

Som det er gjort greie for i vårt brev av 28.06.2012 (og i mail av 13.06.2012), så kan ein ikkje sjå at det eksisterer skriftlige administrative rutinar for forvaltning av finansielle midlar.

Administrasjonen i kommunen vil snarast råd sette i verk arbeid med å utarbeide slike rutinar, tilpassa den finansforvaltninga som Skodje kommune i framtida skal drive med.

Frå formannskapet si side er det lagt fram ønskje om å greie ut alternativ bruk av «kraftfondet». Ei utgreiing om dette vil frå administrasjonen si side bli lagt fram med det første. Alt etter kva som kjem ut av dette, vil det blir utarbeidd administrative rutinar tilpassa framtidig finansforvaltning.

Vedkommande punkta 2,3 og 4 - Kommunen sin kompetanse til å drive (aktiv) finansforvaltning, kva informasjon som er gitt til politisk nivå vedkommande finansforvaltninga, prinsipielle spørsmål knytt til disponering av fondet til å finansiere udekka i investeringsrekneskapen

I høve til disse spørsmåla (og også pkt 1 om naudsynt og eventuelle andre problemstillingar som Dykkar brev måtte ta opp), så ønskjer administrasjonen i kommunen med dette å invitere til eit dialogmøte med kommunerevisjonen der også ordføraren er med.

Kor vidt kommunen sin kompetanse framleis er god nok til å drive aktiv finansforvaltning er ei vurdering som ein ønskjer å ha revisor med på laget til å gjere. Det gjeld både i høve til korleis vurderinga skal gjerast, og også kva som eventuelt skal til for å kunne skaffe seg naudsynt kompetanse.

I høve til dei prinsippielle spørsmåla knytt til disponering av fondet så er dette også eit tema som ein ønskjer å ha ein dialog rundt, det gjeld både innhald, forståing og praktisk oppfølging av kommunelova §23.

I høve til å gjere greie for kva slags informasjon som har vorte gitt til formannskap og kommunestyre vedkommande finansforvaltninga så er kanskje ordføraren den nærast til å svare på dette.


Administrasjonen håper med dette at også kommunerevisjonen kan sjå nytta av eit dialogmøte kring disse tinga der ein får drøfta saka både i høve til historikk og kva som må gjerast framover.


Administrasjonen vil samstundes understreke at vi er kjent med og innforstått med vårt ansvar i dette og rollefordelinga mellom kommunen og revisjonen, men at vi samstundes ser på revisjonen som ein viktig samarbeidspartnar og kjelde til informasjon og kunnskap innafor økonomi, rekneskap, finansforvaltning osv.

Etter avtale med Kjetil Bjørnsen tek ein sikte på å avhalde eit slikt møte onsdag 15. august kl 0900-1100 i lokala til Skodje kommune. Deltakarar frå kommunen vert rådmannen, assisterande rådmann, økonomisjef og ordførar.

Det er ønskelig med ei tilbakemelding frå Dykk kven som møter frå revisjonen.

Med helsing


Synnøve Vasstrand Synnes
assisterande rådmann


Asle J Østøke
økonomisjef

kopi: Ordførar og kontrollutval



KOMREV3 IKS kommunerevisjonen

Vår ref
11/340-6

Sakshandsamar
Asle giske, 70 24 40 25

Dykkar ref

Arkiv
210

Dato
30.08.2012

FINANSFORVALTNINGSRAPPORT PR. JULI 2012

VEDKOMMANDE MØTE MED KOMMUNEREVISJONEN ONSDAG 15. AUGUST KL 0900 – 1100 I
SKODJE KOMMUNE SINE LOKALER.

Til stades:

Frå kommunerevisjonen: Ketil Bjørnsen, Kurt Løvoll, Ann-Kristin Melset, Svein Ove Otterlei.

Frå Skodje kommune: Terje Vadset, Kjell Bjørdal, Synnøve Vasstrand Synnes, Kjell Bjørdal

Tema/agenda:

Tema for møtet var finansforvaltninga i Skodje kommune og mogleg brot på kommunen sitt finansreglement, konkretisert til disse punkta:

1. Manglande administrative rutinar knytt til finansforvaltninga
2. Kommunen sin kompetanse til å drive (aktiv) finansforvaltning
3. Kva informasjon som er gitt til politisk nivå vedkommande finansforvaltninga
4. Prinsipielle spørsmål knytt til disponering av fond
5. Administrasjonen sin handlingsplikt ved avvik mellom reglement og faktisk finansforvaltning

Bakgrunn for møtet:

Ved revisjonen sin gjennomgang av finansforvaltninga i kommunen er det peika på moglege brot på finansforskrifta og finansreglementet for Skodje kommune. Det vert her synt til tidligare korrespondanse i saka mellom kommunen og revisjonen.

I brev av 06.07.2012 frå kommunerevisjonen er det peika på ei rekke bestemmelsar i lov og forskrift som ein meiner ikkje er overhalden. Kommunerevisjonen ønska ein kommentar på brevet. Kommunen har svart på brevet den 30.7.12. I tilsvaret er det samstundes invitert til eit møte/dialog med kommunerevisjonen om saka, der ein frå kommunen si sida ønska ein gjennomgang spesielt knytt opp mot revisjonen sitt brev av 06.07.2012. Dette for å sikre ein felles forståing av brevet sitt innhald, avklaring av regelverk og kva tiltak som må gjerast framover for at regelverket i framtida skal verte overhalden.

Metodikk:

I møtet var det einigheit om at ein hensiktsmessig måte å belyse saka på var å gå gjennom revisjonen sitt brev av 06.07.12, punkt for punkt der det vart stilt spørsmål og gitt kommentarar og innspel.

På bakgrunn av gjennomgangen i møtet vert det herved gitt tilsvar til revisjonen sitt brev av 6.7.12, i tillegg til vårt tilsvar av 30.7.12.

Gjennomgangen av revisjonen sitt brev av 06.07.12:

1. Manglande administrative rutinar knytt til finansforvaltninga

Frå kommunen si side er det allereie opplyst at kommunestyret sitt vedtak om at det skal utarbeidast administrative rutinar til reglementet innan første halvår 2011 ikkje er fulgt opp.

Det går fram av finansreglementet punkt 5 at det ligg til rådmannen å etablere og vedlikehalde trygge rutinar for forvaltning av finansielle midlar. I samband med kommunestyret sitt vedtak 14.12.2010 om nytt finansreglement vart det samstundes vedteke at administrative rutinar skulle utarbeidast i løpet av første halvår 2011.

2. Kommunen sin kompetanse til drive (aktiv) finansforvaltning

Både i lov og i reglement vert det stilt krav til at kommunen må ha eigen kompetanse tilstrekkelig nok til å kunne skjøne og å kunne handtere på ein betryggande måte finansforvaltning. Dess større kompleksiteten er i finansforvaltninga dess større krav vert det stilt til kommunen sin eigen kompetanse. Kompetansekravet betyr mellom anna at kommunen sjølv, på sjølvstendig grunnlag skal vere i stand til å forstå dei produkta som ulike finansforvaltarar tilbyr kommunen. Det er ikkje gitt nokon spesifikke kompetansekrav eller krav til autorisasjon som på ein objektiv måte gir indikasjon på om kompetansen er tilstrekkelig. Det vert difor langt på veg opp til kommunen sjølv å vurdere eigen kompetanse opp mot kompleksiteten i finansforvaltninga. Frå revisjonen si side (Otterlei) vart det sagt noko slikt som at ein måtte «føle seg komfortabel med det ein held på med».

Det er ut frå ei slik romslig skjønsmessig vurdering nesten umogleg å seie konkret om kommunen har tilstrekkelig nok med kompetanse til å drive aktiv finansforvaltning. Formelt har økonomiavdelinga kompetanse innafor finans slik som det vert undervist på bachelornivå på dei økonomisk- administrative studia i Norge (både økonomisjef og økonomikonsulent er utdanna revisor). Verken økonomisjef eller økonomikonsulent har konkret jobba med finans tidligare. På den andre sida, den forvaltninga som DnB, Skagen og Sparebanken Møre driv for kommunen er heller ikkje spesielt kompleks og let seg rimelig greitt forstå utifrå alminnelig finans- og portefølgjeteori.

Når det gjelder det kommunespesifikke regelverket innanfor finans (finansforskrifta og kommunen sitt finansreglement) så har verken økonomisjef eller økonomikonsulent nokon formell bakgrunn eller arbeidspraksis i dette. Opparbeiding av forståing må her skje som ein del av utføringa av det daglige arbeidet.

Pr i dag er det ikkje feil å seie at økonomisjefen i alle fall, føler seg «ukomfortabel» med innsikt i og god og tilstrekkelig nok forståing av og praktisk oppfølging og gjennomføring av det kommunale regelverket knytt til finansforvaltning. Skal ein kome seg over i den «komfortable sona» krev det ei systematisk tilnærming til kompetanseutvikling på området, og ikkje minst tid til å gjere dette.

3. *Kva informasjon som er gitt til politisk nivå vedkommande finansforvaltninga*
 Finansreglementet sett krav til at det tertialvis skal rapporterast til kommunestyret.
 Reglementet sett krav til innhaldet i rapporteringa.

Den rapporteringa som har vorte gjort til politisk nivå, det gjeld både mot formannskap og kommunestyre, er at det kvar månad har vorte utarbeidd ein rapport som syner utviklinga i verdi og avkastning av porteføljen for dei tre forvaltarane vi har pr i dag (DnB, Sparebanken Møre og Skagen). Informasjonen som har vorte formidla er ikkje tilstrekkelig og i samsvar med rapporteringskravet stilt opp i finansreglementet.

I all hovudsak har også den informasjonen som er gitt til kommunestyret og formannskap om utviklinga i «kraftfondet» vore gitt som ei orienteringssak i lag med rapportering av driftsresultatet, og ikkje som ei sjølvstendig sak til politisk handsaming.

4. *Prinsipielle spørsmål knytt til disponering av fond*

Revisjonen reiser spørsmålet om kor vidt bruk av disposisjonsfondet for å dekke udekka i investeringsrekneskapan er eit prinsipielt spørsmål som krev grundig avklaring og prinsippavklaring i forkant. Vi tek revisjonen sin kommentar om dette til vitande og har med det ingen motføresegner om at dette er ei sak av prinsipiell karakter.

Andre disponeringar av fondet er også kommentert i revisjonen sitt brev av 06.07.2012. Frå kommunerevisjonen si side vart det i møtet opplyst at ein godt kan ha ein gjennomgang av dette i lag med kommunen, for om mogleg om noko av disponeringane kan reverserast.

5. *Administrasjonen sin handlingsplikt ved avvik mellom reglement og faktisk finansforvaltning*
 Det vert oppfatta slik at kommunen ikkje har vore tilstrekkelig merksam på storleiken «langsiktede finansielle aktiva» og samanhengen mellom denne og kva risiko ein kan utsette kommunen sine likvidar for.

Når det frå kommunerevisjonen si side vart gjort merksam på dette handla kommunen nokså umiddelbart med å trekke store delar av porteføljen ut av marknaden. Det er tidligare gjort greie for dette. Dette nedsalget vart gjort i samråd med formannskapet og der kommunestyret vart orientert i etterpåfølgande kommunestyremøte.

Vegen vidare:

I møtet avslutningsvis vart det sett opp ei skisse/punkt for vegen vidare med tanke på finansforvaltning i kommunen og få retta opp dei punkta som er peika på av revisjonen.

1. Sak til formannskapet 4. september.

Dette gjelder ei bestilling som formannskapet sjølv har kome med, der dei ønskjer ei oversikt over historisk avkastning/lønnsemd kraftfondet har gitt sidan 2003/2004 og fram til dags dato. Oversikta skal nyttast til å ta stilling til om kor vidt ein framleis ønskjer å drive med aktiv finansforvaltning. Administrasjonen si tilråding er at ein trekker seg heilt ut av marknaden og soleis ikkje lenger driv med aktiv forvaltning av langsiktede finansielle aktiva. Viss tilrådinga til administrasjonen vert fulgt så betyr det at ein i framtida berre skal drive forvaltning av likvide midlar og forvaltning av innlån.

2. Gjennomgang av finansreglementet

Finansreglementet bør årlig reviderast. Ein slik revisjon vil bli gjort så snart ein har fått politisk avklaring i kommunestyret 18. september på om ein framleis ønskjer å drive med

aktiv finansforvaltning eller ikkje. Ein tek sikte på å ha klart til handsaming eventuell endring av finansreglement til formannskapsmøtet den 2. oktober (det vil seie at saka må sendast ut innan 24. september) og til eventuell kommunestyrehandsaming 16. oktober.

3. Utarbeiding av administrative rutinar

I samsvar med den framtidige finansforvaltninga som ein skal drive med i Skodje kommune lyt det utarbeidast administrative/intern kontrollrutinar på området. Ein tek sikte på å legge fram forslag til slike rutinar parallelt med framlegging av revidert finansreglement


4. Tertialvis rapportering til kommunestyret vedr finansforvaltning

Det vil bli lagt fram ein finansforvaltningsrapport for politisk etter no gjeldande finansreglement i samband med budsjettrevisjon nr II/2. tertialavslutning. Formannskapshandsaming vil bli 2. oktober og kommunestyrehandsaming vil bli 16. oktober. (det vil seie at saka må sendast ut i lag med budsjettrevisjon nr II den 18. september).

5. Gjennomgang av disponering av fond

Det vil gjort ein gjennomgang av disponering av fond i lag med kommunerevisjonen med tanke på om disse er reversible. Eventuelle framlegg til endringar tek ein sikte på å legge fram til politisk handsaming samtidig med tertialvis rapportering til kommunestyret (jfr punkt 4).

Med helsing



Asle J. Giske
økonomisjef

FINANSFORVALTNINGSRAPPORT – JULI 2012

INNLEIING

Skodje formannskap har bede om ei utgreiing av forvaltninga av «kraftfondet» til kommunen. Bakgrunn for bestillinga er mellom anna den utforutsigbarheita (volatiliteten) og usikkerheita ein den siste tida har sett i finansmarknadane.

I bestillinga til administrasjonen ønskjer ein ei oversikt over historisk avkastning på fondet samt ei vurdering av alternativ bruk av kraftfondet. Bestillinga er oppfatta dit hen at ein i første rekke ønskjer data/opplysningar som kan danne grunnlag for ei vurdering av om det er formålstenlig for kommunen framleis å ta del i aktiv finansforvaltning. Det er ikkje oppfatta slik at bestillinga går ut på å vurdere dei einskilde forvaltarane opp mot kvarandre. Fokuset i denne rapporten vert difor i første rekke status og utvikling av fondet samla sett (totalen).


STATUS PÅ KRAFTFONDET PR JULI 2012

Figur 1:

	DnB	Spareb. Møre	Skagen	Totalt
Sum plassering 01.01.11	27 000 000	30 000 000	17 000 000	74 000 000
Sum plassering 1.07.11	14 000 000	30 000 000	30 000 000	74 000 000
Marknadsverdi 31.12.11	13 892 835	28 753 342	29 274 168	71 920 345
Uttak januar 2011	0	0	0	0
Sum plassering 1.1. 2012	13 892 835	28 753 342	29 274 168	71 920 345
Avkastning januar	199 186	227 759	529 916	956 861
Avkastning februar	224 719	480 343	530 636	1 235 698
Avkastning mars	191 586	207 501	161 067	560 154
Marknadsverdi pr. 31. Mars	14 508 326	29 668 945	30 495 787	74 673 058
Avkastning 1.kvartal	4,43 %	3,18 %	4,17 %	3,83 %
Avkastning april	-62 348	36 382	-126 297	-152 263
Avkastning mai	-310 797	-642 464	-759 747	-1 713 008
Avkastning juni	149 064	-82 003	198 453	265 514
Marknadsverdi pr. 30. Juni	14 284 245	28 980 860	29 808 196	73 073 301
Avkastning 2.kvartal	2,82 %	0,79 %	1,82 %	1,60 %
Uttak 28. juni 2012	0	-20 000 000	-16 000 000	-36 000 000
Sum plassert 1. juli 2012	14 284 245	8 980 860	13 808 196	37 073 301
Avkastning juli	273 037	219 871	270 338	763 246
Avkastning august				0
Avkastning september				0
Marknadsverdi pr. 30. September	14 557 282	9 200 731	14 078 534	37 836 547
Avkastning 3.kvartal	1,91 %	2,45 %	1,96 %	2,06 %
Avkastning oktober				0
Avkastning november				0
Avkastning desember				0
Marknadsverdi pr. 31. Desember				
Avkastning 4.kvartal				
Avkastning hittil i 2012				
Avkastning 2012	9,16 %	6,42 %	7,96 %	7,49 %
Avkastning 2012 pro anno	5,34 %	3,75 %	4,64 %	4,37 %


Figur 1 syner status på kraftfondet pr juli 2012. Finansreglementet sett krav om at kommunen skal ha 2-3 forvaltarar der ingen av dei skal ha meir enn 60% eller mindre enn 20% av forvalta kapital. Pr juli forvaltar DnB 38%, Sparebanken Møre 24% og Skagen 38% av kapitalen.

Figur 2:




Figur 2 syner utviklinga i verdien på kraftfondet frå januar til og med juni 2012. Den 28. juni vert det samla sett gjort eit uttak i kraftfondet på 36 mill kr (meir om det i kapitlet om finansreglement).

Figur 3:



Figur 3 syner avkastning på fondet månad for månad til og med juli sett i høve til budsjetten. I budsjetten er årets forventa avkastning lagt jamt ut over året. Gjennomsnitt månadleg avkastning er 273.743 kroner mens standardavviket er 986.778 kr (det vil seie at gjennomsnittlig avvik frå gjennomsnittet er 986.778 kr).

Figur 4:



Figur 4 syner akkumulert avkastning på fondet månad for månad i 2012 sett i høve til budsjett. Akkumulert avkastning hittil i år (juli) er kr 1.916.202.- mot budsjettert kr 1.828.750.-.

Figur 3 og 4 peikar på det høvet at avkastning på kraftfondet er ein vanskelig budsjetterbar storleik. I mangel av betre vert difor budsjettet lagt opp til at ein på kraftfondet skal få ei avkastning på midlane på risikofri rente pluss risikopremie på 1,75%. For 2012 utgjer sum avkastningskrav på kapitalen på 4,36%. Avkastninga hittil i år ligg på kravet, men som ein ser av tabellar og figurar så langt så varierer dette sterkt frå månad til månad.

HISTORISK AVKASTNING PÅ KRAFTFONDET

Figur 5:

UTVIKLING FOND							
ART	21800001	21800002	21800003	21800004		Avkastning	
FORV	Sp M	ST Brand	DnB	Skagen	SUM	%	År
Kapitalinnskudd 2004	14 042 178	28 283 181	28 338 864		70 664 223		
avkastn	362 939	700 000	913 214		1 976 153		
UB 2004	14 405 117	28 983 181	29 252 078		72 640 376	2,80	2004
kapitalinnskudd/uttak			(1 252 254)		(1 252 254)		
avkastn	731 230	646 819	1 829 673		3 207 722		
UB 2005	15 136 347	29 630 000	29 829 497		74 595 844	4,49	2005
kapitalinnskudd/uttak	14 000 000	(18 000 000)	(1 669 497)	4 000 000	(1 669 497)		
avkastning	(112 871)	(1 256 313)	1 463 676	790 594	885 086		
UB 2006	29 023 476	10 373 687	29 623 676	4 790 594	73 811 433	1,21	2006
Kapitalinnskudd/uttak	2 000 000	(10 196 180)	376 324	11 000 000	3 180 144		
avkastning	171 078	(177 507)	1 302 473	(186 539)	1 109 505		
UB2007	31 194 554	-	31 302 473	15 604 055	78 101 082	1,44	2007
kapitaluttak/innskudd	(1 194 554)		(1 302 473)	1 395 944	(1 101 083)		
avkastning	(1 360 950)		(2 440 564)	(1 410 818)	(5 212 332)		
UB2008	28 639 050		27 559 436	15 589 181	71 787 667	-6,77	2008
kapitaluttak/innskudd							
avkastning	5 512 057		3 034 717	2 253 554	10 800 328		
UB2009	34 151 107		30 594 153	17 842 735	82 587 995	15,04	2009
kapitalinnskudd/uttak	(4 051 144)		(3 594 153)		(7 645 297)		
avkastning	2 582 437		1 978 154	616 323	5 176 914		
UB2010	32 682 400		28 978 154	18 459 058	80 119 612	6,91	2010
kapitalinnskudd/uttak			(13 000 000)	13 000 000			
avkastning	(3 929 058)		(2 085 319)	(2 184 891)	(8 199 268)		
UB 2011	28 753 342		13 892 835	29 274 167	71 920 345	-10,23	2011
						1,86	Snitt
						7,82	St avvik

Figur 5 syner ei oversikt over dei fonda som har vore til forvaltning sidan 2004 (det er så langt tilbake i tid ein finn data i Visma) og fram til og med 2011. Dei grønne linjene syner kapitalinnskudd/uttak på fonda og dei gule linjene årlig avkastning på fonda. I kolonna til høgre er fonda summert opp. Prosentvis avkastning pr år er berekna ut frå kolonna «sum». Berekningsmetode for prosentvis avkastning: $\text{avkastning}/(\text{inngående beholdning fond} \pm \text{kapitalinnskudd/uttak})$. Det er då lagt til grunn at alle uttak og innskudd på fonda skjer i byrjinga av året noko som i hovudsak også er gjennomført i rekneskapen.

Figur 5 syner at gjennomsnittleg avkastning på fondet 2004-2011 er på 1,86%. Beste avkastning var i 2009 på 15,04% og dårligaste avkastning var i 2011 med negativ avkastning på 10,23%.

Legg ein til avkastning hittil i år på 4,37% så vert gjennomsnittleg avkastning 2,14 % til og med hittil i år.

Figur 6:

KONTANTSTRÅUM TIL/FRÅ KRAFTFONDET										
	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	SUM
Ujustert	(70 664 223)	1 252 254	1 669 497	(3 180 144)	1 101 083	-	7 645 297	-	73 836 547	11 660 311
NV justert	(70 664 223)	1 199 937	1 532 913	(2 797 980)	928 290	-	5 918 204	-	52 480 603	(11 402 256)
NV justert u risikopr	(70 664 223)	1 220 402	1 585 646	(2 943 593)	993 256	-	6 550 225	-	60 083 314	(3 174 973)

Figur 6 syner kontantstraumane til /frå kraftfondet i perioden 2004-2012. I staden for å sjå på bokførte avkastningar/tap i rekneskapan er det ein mykje nytta metode for å vurdere lønnsamheita i prosjekt å sjå på kontantstraumane. Fordelen med metoden er at ein får ei direkte samanlikning med alternativ plassering av midlane.

I øvste rad er det teke inn «ujustert» (dvs ikkje teke omsyn til inflasjon, alternativ avkastning og risikopremie) kontantstraumane frå år til år. Til dømes i 2004 så vart det netto betalt inn til kraftfondet kr 70.664.223.- (dette er altså ei utbetaling frå oss til forvaltarane, difor angitt som minus). I 2005 til dømes får vi i sum utbetalt kr. 1.252.254.- frå forvaltarane, difor angitt med pluss (ei utbetaling til oss). For 2012 er det gjort den føresetnaden at vi får utbetalt alt frå forvaltarane slik som det er verdsett pr juli. Dette ville i så fall gitt oss ein kontantstraum i 2012 på kr 73.836.547.- (36 mill som vi allereie har teke ut pluss resterande som står igjen).

Denne «ujusterte» kontantstraumen gir til oss ei netto utbetaling på kr 11.660.311.- over 9 års perioden.

Miderste rad er ein nåverdijustert kontantstraum. Det vil seie at det er teke omsyn til alternativ avkastning pluss risikopremie. Kontantstraumen er diskontert med 4,36 % pr år, lagt til grunn ei gjennomsnittleg bankrente på 2,61% og ei risikopåslag på 1,75%.

Eksempelvis vil denne måten å tenke på vere at viss ein står i 2004 og betaler ut 70,6 mill kr til fondsforvaltarane og dei seier «at om 9 år så skal vi betale deg ut kr 73.836.547», så er den utbetalinga, teke omsyn til inflasjon (risikofri bankrente skal ta høgde for inflasjon), alternativ avkastning og risiko for at dei for lov til å forvalte pengane egentlig berre verdt kr 52.480.603.-.

Den nåverdijusterte kontantstraumen er negativ med kr 11.402.256.-.


Nederste råd er også ein nåverdijustert kontantstraum men utan påslag på risikopremie. Det vil seie at kontantstraumen er diskontert med ei gjennomsnittleg bankrente på 2,61%. Også denne kontantstraum en negativ, med kr 3.174.973.- (det tilsvarar kommunen sitt tap om ein i staden i perioden sette pengane på bok til 2,61% rente).

Prosjektet/fondet si internrente er ca 2,14% (det er maksimal rentebelastning prosjektet kan bere utan å gå med tap).

Lagt til grunn disse vilkåra har altså fondsplasseringa for Skodje kommune vore eit tapsprosjekt.

I følge Terje Vadset så er det mogleg at oppgjeret for aksjesalet i Tafjord Kraft kom på slutten av 2003, og at beløpet mogleg vis var 72 mill kr og at ein allereie i 2003 tapte ca 1,4 mill kr på fondet. Sidan ein manglar lett tilgjengelige rekneskapsdata for 2003 (Visma kom i 2004) så er reknestykka i rapporten her kun tilbake til 2004, utan at det har verknad på konklusjonane.

Figur 7:



Figur 7 syner det høvet at verdiutviklinga (her målt i akkumulert prosentvis avkastning) i kraftfondet som forventa har fulgt verdiutviklinga på Oslo Børs Benchmark Indexen.

FINANSREGLEMENTET

Etter pålegg og merknad frå kommunerevisjonen må finansreglementet til kommunen takast opp til ny vurdering og gjennomgang.

I ulike brev frå kommunerevisjonen og sist i møte den 15. august er det frå revisjonen si side peika på ei rekke brot på finansreglementet. Det er mellom anna peika på:

- Manglande administrative rutinar knytt til finansforvaltninga
- Kommunen sin kompetanse til å drive aktiv finansforvaltning
- Kva for informasjon er gitt til politisk nivå vedr finansforvaltning
- Prinsipielle spørsmål knytt til disponering av fond
- Administrasjonen sin handleplikt ved avvik mellom reglement og faktisk finansforvaltning

Kva slags administrative rutinar som må utarbeidast vil vere avhengig av kva slags type finansforvaltning kommunen i framtida skal halde på med. Difor må ein i første rekke avklare om kor vidt ein i framtida ønskjer å drive med aktiv finansforvaltning innafor langsiktige finansielle aktiva. Kommunen sin naudsynte kompetanse vil også vere avhengig av kompleksiteten i dei produkta som ein plasserer kapital i. Skal kommunen i framtida drive aktiv finansforvaltning må kompetansen på

området utviklast/styrkast samt at ein må ha tilstrekkelig med tid og ressursar til å følgje opp dette på ein betryggande måte.

Etter finansreglementet skal kommunestyret tertialvis orienterast om stilling- og status vedr finansforvaltning. Orientering har vore gitt men ikkje av ein slik kvalitet og på ein slik måte som reglementet sett krav til. Dette må det rettast opp i umiddelbart (uansett kva sort finansforvaltning ein har må det rapporterast)

Vedr prinsipielle spørsmål knytt til disponering av fond så gjelder dette om kor vidt kommunestyret har vore godt nok orientert om disse vedtaka og at disse har hatt prinsipiell karakter. Kommunerevisjonen vil her gjere ein gjennomgang i lag med kommunen for avklaring.

Vedr administrasjonen sin handleplikt så gjeld det i denne samanheng at kommunen i første halvår 2012 hadde ståande til aktiv forvaltning i marknaden ca 72 mill kr mens reglementet tilsa at vi kun hadde anledning til å utsette for slik risiko ca 36 mill kr. Vårt engasjement i marknaden måtte difor raskt reduserast til ca 36 mill kr. Dette vart 28. juni og midlane står no på eigen renteberande konto i Sparebanken Møre, inn til vidare.

ADMINISTRASJONEN SI TILRÅDING FOR FRAMTIDIG DISPONERING AV KRAFTFONDET

Det er i rapporten peika på at for dei 8-9 åra ein har vore i marknaden og drive med aktiv finansforvaltning så har ikkje dette i gjennomsnitt gitt målsett avkastning og tilfredstillar heller ikkje å kunne møte det som ein truleg kunne ha oppnådd ved å ha sett pengane i banken. Tek ein i tillegg omsyn til at ein bør ha ein rimelig godtgjersle for risiko så er tapet for kommunen betydelig i 9 års perioden.

Det er administrasjonen si tilråding at ein snarlig og på eit tidspunkt som vert vurdert som gunstig i høve til verdien på fonda trekker seg heit ut av marknaden. Grunngevinga er i første rekke at historisk avkastning ikkje har stått i stil med forventa avkastning og risiko. Risiko knytt til fonda (variasjonen i avkastning) er også noko som er vanskelig foreinlig med forutsigbarheit og stabilitet i dei kommunale frie inntektene. Dette vil særskilt gjelde når kommuneøkonomien på andre områder også er under press og der ein kanskje uansett må selje seg ned i marknaden for å tilfredsstille finansreglementet sitt krav til maksimalt langsiktige finansielle aktiva som vi kan ha i marknaden. Med i begrunninga høyrer også med at det vil krevje tid, ressursar og kompetanse viss ein framleis skal drive med aktiv finansforvaltning. Det ein oppnår med å vere i marknaden må stå i stil også til det arbeidet ein må legge ned for å vere der.

Viss ein går ut av marknaden i dag vil ein frigi om lag 73,8 mill kroner i kontantar. Disse må få si alternative anvending. Tilrådinga frå administrasjonen i første omgang er at ein set dette på renteberande konto i bank og der etter sett i gang ein prosess for å få best mulig avkastning for disse midlane. Alternativa er mellom anna å la dei stå på renteberande i bank, låne ut som ansvarlige lån eller plassere dei i verdipapir som har så godt som null i risiko. Dette får ein kome attende til.

Asle J Giske
Økonomisjef

Kjell Bjørdal
Rådmann

Skodje kontrollutval
v/sekretariatet
Pb. 7881 Spjelkavik
6022 ÅLESUND

Vår sakshandsamar:
Kurt A. Løvoll

Vår dato:
14.09.2012

Dykkar dato:

Vår referanse:
01/2012 Skodje

Dykkar referanse:

Brev nr. 1-2012. Om finansforvaltning i Skodje kommune

Vi viser til vårt brev datert 06.07.2012 til rådmannen i Skodje kommune, sendt som kopi til kontrollutvalet. Det har etter dette vore gjennomført møte med kommuneleinga 15.08.2012, og deretter har rådmannen v/økonomisjef sendt svar datert 30.08.2012. Det vert og vist til sak 70/12 handsama i formannskapet 04.09.12.

Slik vi vurderer det har ikkje rådmannen kome med motsegn til dei konklusjonane som kom fram i vårt brev, og vi oppfattar at rådmann og kommunerevisjon i hovudsak er samde.

Dette brevet har form av eit nummerert brev jf. *Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner §4*, punkt 2. Dette skuldast at det etter vår vurdering er avdekka manglar i den økonomiske internkontrollen. Brevet blir ei punktvis oppsummering til kontrollutvalet om brot på reglement mv., og vi gjer vidare greie for dei tiltak rådmannen rapporterer at han har sett og vil setje i verk. Som vedlegg følgjer svar frå rådmann datert 30.08.12 og brev frå revisjonen (med vedlegg) datert 06.07.12. I vårt brev er saka relativt grundig drøfta.

Konklusjonar:

1. Rådmannen har ikkje utarbeidd administrative rutinar til finansforvaltninga. Dette er i strid med krav i finansforskrifta, samt kommunestyrevedtak av 14.12.2010 om at dette skulle vore utarbeidd 1. halvår 2011.

Tiltak: Rådmannen skriv at han vil leggje dette fram parallelt med framlegging av revidert finansreglement i oktober 2012.

Vår kommentar: Finansreglementet skal reviderast kvar valperiode, og det skal vere kvalitetssikra av uavhengig instans. Rutinane skal og vere kvalitetssikra av uavhengig instans.

Postadresse:
Postboks 7734, Spjelkavik
6022 Ålesund

Besøksadresse:
Lerstadvegen 545, 4 etg.
Epost:
komrev3@komrev3.no


Telefon:
70 17 21 50
Telefaks:
70 17 21 51


Bankkonto:
6540 05 00465
Føretaksregisteret:
NO 971 562 587

2. Skodje kommune har hatt ein for høg del av fondsmidlane ståande som langsiktige finansielle aktiva med den risiko dette inneber. Dette er eit brot på finansreglementet i kommunen.
Tiltak: Rådmannen har i samråd med formannskapet selt kommunen ned etter at revisjonen tok opp problemstillinga.
Vår kommentar: Det er lite tilfredstillande at reglementet er brote over tid. Det tyder på at ein ikkje har hatt god nok oversikt. Slik vi ser det har rådmannen uansett retta opp denne feilen etter at revisjonen gjorde han merksam på dette.
3. Det er ikkje rapportert til politisk leiing i tråd med krav i forskrift og eige reglement.
Tiltak: Rådmannen vil legge fram ein finansforvaltningsrapport i samband med rapport for 2. tertial. Denne skal støtte krav i forskrift og reglement.
Vår kommentar: Dette avviket tyder på at rådmannen ikkje har hatt oversikt over enkle krav i vedteke reglement til trass for at dette er eit nytt reglement det burde vere fokus på.
4. Det er gjort prinsipielle val i forvaltninga av midlar der det kan stillast spørsmål ved om utgreiinga har vore tilstrekkeleg.
Tiltak: Rådmannen har ikkje «motføresegner» til dette. Rådmannen legg no fram sak der forvaltninga av «kraftfondet» blir utgreidd.
Vår kommentar: Dersom politikarane gjer vedtak som er i strid med tidlegare prinsippvedtak, eller i strid med eige reglement, så må dei bli gjort merksam på dette. Dei må også bli gjort merksame på kva konsekvensar bruk av fond har ved m.a. underskotsdekning eller liknande.
5. Det kan stillast spørsmål ved om kommunen har/har hatt tilstrekkelig kompetanse til å halde på med finansforvaltning på denne måten. Dette kan vere eit brot på finansforskrifta.
Vår kommentar: Det er ikkje skissert noko tiltak, men ved nedsal der ein ikkje lenger har plasseringar i fond/aksjar, vil krav til kompetanse bli redusert.

Revisjonen stillar gjerne i møte i Skodje kontrollutval for avklarande spørsmål om denne saka.

Med helsing


Kjell Bjørnsen
dagleg leiar


Kurt A. Løvoll
revisjonsrådgjevar

Vedlegg

Kopi: Rådmannen